



Sunnfjord  
kommune



# Årsbudsjett 2021

## Politisk handsaming

### Utval

Formannskap – presentasjon og dialog HTV  
Ungdomsråd, eldreråd og råd MNF – presentasjon  
Utvalsemøte – presentasjon  
Formannskap - diskusjon  
Formannskap - utleggingsvedtak  
Ungdomsråd, eldreråd og råd MNF – uttale  
Utvalsemøte – uttale  
Formannskap – informasjon om høyringsuttale  
Kommunestyre - vedtak

### Saksnummer

### Dato

05.11.2020  
10.11.2020  
11.11.2020  
12.11.2020  
26.11.2020  
01.12.2020  
02.12.2020  
03.12.2020  
10.12.2020

Dokument er ajourført i samsvar med kommunestyrevedtak 10.12.2020

## Innhold

Innleiing.....	3
Grunnlag .....	5
Økonomiplan 2021 – 2024 .....	5
Statsbudsjett 2021 .....	5
Løns- og prisvekst .....	5
Budsjettrapport 2020.....	5
Driftsbudsjett .....	6
Frie inntekter.....	6
Andre inntekter .....	9
Finans.....	11
Driftsbudsjett – oppsummert .....	14
Salderingstiltak .....	16
Økonomisk oversikt – drift.....	17
Bevilgningsoversikt – drift .....	18
Driftsbudsjett fordelt på sektor .....	18
Skule .....	20
Barnehage.....	24
Omsorg.....	27
Helse og sosial .....	32
Kultur og idrett .....	35
Teknisk og miljø.....	39
Kommunedirektør, stab og støtte.....	41
Investeringsbudsjett .....	44
Investeringsprosjekt.....	44
Bevilgningsoversikt – investering .....	45
Vedtak.....	46
Vedlegg .....	47
Oversikt over tilskot og overføringer frå Sunnfjord kommune 2021 .....	47

## Innleiing

Med dette årsbudsjettet vedtek vi dei økonomiske rammene for andre driftsår i Sunnfjord kommune. Vi har no betre oversikt over dei økonomiske utfordringane enn då vi vedtok årsbudsjettet for 2020. Driftssituasjonen er utfordrande med rapportert meirforbruk på 65 mill. kroner i 2. tertialrapport. Auke i behov innan omsorg og redusert flyktingtilskot på grunn av færre busette flykningar er hovudforklaringa på meirforbruket i 2020.

Årsbudsjett 2021 består av eit driftsbudsjett og eit investeringsbudsjett;

- Driftsbudsjettet utgjer totalt 1.956 mill. kroner
- Investeringsbudsjettet utgjer totalt 180 mill. kroner

Vedteken [økonomiplan for Sunnfjord kommune 2021 – 2024](#) er lagt til grunn for årsbudsjett 2021:

- Nye innsparingstiltak på totalt 20,55 mill.kroner er innarbeidd
- Prioriterte driftstiltak på totalt 14,585 mill. kroner er innarbeidd
- Uløyst budsjettutfordring i 2020 innan omsorg på totalt 14 mill. kroner er innarbeidd

Statsbudsjettet gav Sunnfjord kommune ein vekst i frie inntekter på 3 %. Låg folketalsvekst tilseier låg vekst i frie inntekter, så veksten i frie inntekter må sjåast i samanheng med endring i demografi der kommunen får fleire eldre og færre yngre innbyggjarar.

Driftssituasjonen i 2020, med auka behov innan omsorg, lågare busetting av flyktingar og auka kostnad på vintervedlikehald etter gjennomført anbudsprosess, har gjort det nødvendig å gjere ytterlegare salderingstiltak utover vedtekne innsparingar i økonomiplanen.

Det er tilrådd innsparing på 10 mill. kroner fordelt på fleire einingar og sektorar som følgje av lågare flyktingtilskot. For å finansiere auka kostnad på vintervedlikehald og auka behov innan omsorg er det tilrådd å redusere overføring frå drift til investering med 10 mill. kroner frå 34,8 mill. kroner til 24,8 mill. kroner.

Som ein konsekvens av redusert overføring frå drift til investering vert det tilrådd å redusere investeringsbudsjettet med tilsvarende beløp. Dette for å ikkje bryte handlingsregel om at lånegjelda ikkje skal auke.

Sunnfjord kommune står overfor ein stor økonomisk omstillingsprosess.

Det er vedteke omfattande innsparingstiltak for å styre mot ein meir berekraftig økonomi med handlingsreglar for mål på netto driftsresultat, disposisjonsfond og gjeld.

I tillegg medfører demografiske endringar at vi må omfordele dei pengane vi har frå færre barnehagebarn og skuleelevar til fleire eldre.

I tillegg til dette gjer meirforbruk i drifta på 65 mill. kroner i 2020 situasjonen svært krevjande.

Det er svært viktig at vi no følgjer opp innsparings- salderingstiltak, og at vi jobbar for å redusere meirforbruket. I mars 2021 får vi Kostra-tal for 2020 som gjer at vi kan samanlikne første driftsåret i Sunnfjord kommune med andre kommunar. Det vil gje eit mykje betre styringsgrunnlag enn det vi har i dag med ein historikk bygd på 4 kommunar.

Gjennom tolmodig og målbevisst arbeid og godt samarbeid mellom administrasjon og det politiske systemet, skal vi sikre gode tenester for innbyggjarane og vere ein stor og viktig samfunnsaktør i Vestland fylke. Saman blir vi drivande gode.

Sunnfjord, 5. november 2020

Ole John Østenstad  
Kommunedirektør

**1.956 mill.**

Totalt driftsbudsjett

**14,6 mill.**

Prioriterte nye driftstiltak

**- 20,5 mill.**

Innsparingstiltak

**-10,0 mill.**

Redusert IMDI-tilskot  
(flyktningskott)



# Grunnlag

## Økonomiplan 2021 – 2024

Vedteken [økonomiplan for Sunnfjord kommune 2021 – 2024](#) er lagt til grunn for årsbudsjett 2021. I økonomiplanen er målsetjingar, demografisk utvikling omtalt og handlingsreglar definert. Årsbudsjettet legg desse til grunn i tillegg til dei økonomiske prioriteringar i økonomiplanen;

- Innsparingstiltak 2021 på totalt 20,55 mill. kroner
- Prioriterte driftstiltak totalt 14,585 mill. kroner
- Utfordringar innan omsorg på totalt 14 mill. kroner
- Investeringsprosjekt 2021 på totalt 190 mill. kroner (tilrådd nedjustert med 10 mill. kr)

## Statsbudsjett 2021

[Regjeringa sitt framlegg for statsbudsjett 2021](#) er lagt til grunn for frie inntekter i årsbudsjettet.

## Løns- og prisvekst

### Prisvekst

Statsbudsjettet legg til grunn ein prisvekst på 3,6 %. Det er i budsjettarbeidet lagt til grunn ein prisvekst på 3,2 % på driftsutgiftene.

### Lønsvekst

Statsbudsjettet legg til grunn ein lønsvekst på 2,2 % i 2021.

### Samla pris- og kostnadsvekst (deflator)

Statsbudsjettet legg til grunn ein samla pris- og kostnadsvekst på 2,7 %. Det er i budsjettarbeidet lagt til grunn ein samla pris- og kostnadsvekst på 2,4 %.

### Pensjon

Sats for arbeidsgjevar sin del av pensjon i KLP er budsjettert med 14 %

Sats for arbeidsgjevar sin del av pensjon i SPK er budsjettert med 12 %

### Arbeidsgjevaravgift


Det er lagt til grunn 14,1 % arbeidsgjevaravgift for tilsette med arbeidsstad i gamle Førde, og 10,6 % arbeidsgjevaravgift for tilsette med arbeidsstad i gamle Jølster, Naustdal og Gaular.

## Budsjettrapport 2020

Det er i [2. tertialrapport](#) rapportert om meirforbruk i drifta på totalt 65 mill. kroner i 2020. Det er vurdert tiltak for å ikkje vidareføre dette i 2021.

# Driftsbudsjett

## Frie inntekter



### Skatteinntekter og rammetilskot

Sunnfjord kommune fekk i statsbudsjettet for 2021 ein vekst i skatteinntekter og rammetilskot (frie inntekter) på 3 % samanlikna med oppgåvekorrigerede frie inntekter 2020. I tillegg til anslag på frie inntekter i statsbudsjettet er det lagt til grunn at Sunnfjord kommune får ekstra skjønsmidlar frå Fylkesmannen som kompensasjon for tap i inntektsutjamnande tilskot i overgangen frå 4 til 1 kommune. Tabellen nedanfor oppsummerer at det er lagt til grunn frie inntekter på 1 429,5 mill. kroner i årsbudsjett 2021.

(tal i 1 000 kr)	Rev. Budsjett 2020	Ans. rekneskap 2020	Økonomiplan 2021	Budsjett 2021
Rammetilskot	- 724 718	- 730 442	- 707 513	- 697 145
Skatteinntekter	- 657 045	- 657 045	- 675 963	- 707 147
Auka rammetilskot covid-19				- 19 058
Kompensasjon inntektsutjamning	- 4 000	- 4 000	- 4 000	- 6 200
<b>SUM</b>	<b>- 1 385 763</b>	<b>- 1 391 487</b>	<b>- 1 387 476</b>	<b>- 1 429 550</b>

Tabellen på neste side viser oversikt over korrigeringar og endringar i statsbudsjett 2021 med anslag på trekk eller auke i frie inntekter for Sunnfjord kommune, og oversikt over kva som er gjort av endringar i framlegget til årsbudsjett for 2021

Korreksjonar i 2021	Landet	Anslag Sunnfjord	Faktiske endringar	Ansvar
Inntektsgradert foreldrebetaling i SFO 1.-2. trinn, heilårseffekt	81 500 000	389 310	389 310	100
Inntektsgradert foreldrebetaling SFO 3.-4. trinn	24 343 000	116 282	116 282	100
Gratis SFO for elevar med særskilte behov 5.-7. trinn, heilårseffekt	29 400 000	140 438	140 438	100
Overføring av skatteoppkrevjing til Skatteetaten	- 920 600 000	- 3 934 148	- 3 434 148	130
Tilskot til fastlegeordninga, heilårseffekt	189 484 000	809 107	400 000	430
Utlemming av tilskot til trus- og livssynssamfunn	- 455 501 000	- 1 945 015	- 650 000	115
Pensjon i private barnehagar, redusert tilskot og skjermingsordning	- 210 146 000	- 918 455	- 918 455	100
Skjerming av utsette grupper ved nytt tak for eigendel	48 686 000	147 018	147 018	420
<b>SUM korreksjonar</b>	<b>- 1 374 296 000</b>	<b>- 5 885 464</b>	<b>- 3 809 555</b>	

Endringar i 2021	Landet	Anslag Sunnfjord	Faktiske endringar	Ansvar
Utlemming av tilskot til frivilligsentralar	- 206 800 000	- 883 048	- 883 048	460
Auka innstramming i tilskot til ressurskrevjande tenester - 46.000 utover lønsvekst	300 000 000	1 282 038	1 748 000	510-590
Kutt i kompensasjonsordning for kommunar for bortfall av verk og bruk frå 500 til 300 mill. kr	200 000 000	854 692	854 692	900
<b>SUM endringar</b>	<b>393 200 000</b>	<b>1 680 682</b>	<b>1 719 644</b>	

Regjeringspartia og Frp inngikk i tidleg i desember avtale om statsbudsjettet 2021.

Konsekvens for framlegg til årsbudsjett 2021 for Sunnfjord kommune:

Endringar i framlegg til årsbudsjett 2021	2021	Ansvar
Auka rammetilskot covid-19	-19058	900
Ekstrautgifter og inntektsbortfall covid-19	18058	100
Kontrolltiltak smittevern	1000	100
Auka rammetilskot andre endringar	-1649	900
Reduserte skatteinntekter	267	900
Pensjonspåslag private barnehagar vert ikkje redusert	943	100
Kapitaltilskot private barnehagar	590	100
Skjermingsordning eigenandel reversert	-151	420
<b>SUM</b>	<b>0</b>	

## Eigedomsskatt

*Omtale av ordninga i statsbudsjett 2021:*

*Regjeringa fortsette å redusere den maksimale eigedomsskattesatsen for bustad og fritidsbustad.*

*Eigedomsskatt på vanlege bustadar kan vere ei økonomisk utfordring for mange. Derfor har regjeringa nesten halvert maksimalsatsen for bustadeigarar og hytteeigarar i denne regjeringsperioden, frå 7 til 4 promille.*

*Den maksimale eigedomsskattesatsen for bustad- og fritidseigedom blir redusert frå 5 til 4 promille frå 2021. Dette er i tråd med avtalen mellom regjeringspartia og Frp om revidert nasjonalbudsjett for 2020.*

*Frå 2020 blei maksimal sats for bustad- og fritidseigedom redusert frå 7 til 5 promille. Hensikten med å redusere satsen ytterlegare er å senke skattetrykket i kommunar som i dag har høg eigedomsskatt på bustad- og fritidseigedommar, og hindre at kommunar med lågare sats set den opp til meir enn 4 promille.*

Det er i budsjettet lagt til grunn ein eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedommar på 39 150 000 kroner, som er ein auke frå 2020 på 1,5 %. Eigedomskatten for næring i 2021

utgjør 39 150 000 kroner. Dette er ein auke frå 2020 på 3 000 000 kroner som er eigedomsskatt frå Jølstra kraft og 3 nye kraftverk i tidlegare Jølster kommune.

Satsen for eigedomsskatt blir fastsett av kommunestyret i eiga sak.

Saka vil og omhandle finansiering av retaksering av eigedomsskatteprosjektet med ca. 4 mill. kroner.

(tal i 1 000 kr)	Rev. Budsjett 2020	Ans. rekneskap 2020	Økonomiplan 2021	Budsjett 2021
Eigedomsskatt - bustad og fritid	- 38 502	- 36 568	- 38 502	- 39 150
Eigedomsskatt - næring	- 36 751	- 36 635	- 39 751	- 39 150
<b>SUM</b>	<b>- 75 253</b>	<b>- 73 203</b>	<b>- 78 253</b>	<b>- 78 300</b>



## Konsesjonskraft

Eigarar av større vasskraftanlegg pliktar å levere ein andel av krafta som vert produsert til kommunane som er berørt av kraftutbygginga. Kommunen sel konsesjonskrafta i markedet og inntektene frå salet er med og finansierer tenestene i drifta av Sunnfjord kommune. Låge kraftprisar gjer at det ikkje er grunnlag for å forvente auke i konsesjonskraftinntektene i 2021. Inntektene frå sal av konsesjonskraft er derfor budsjettert på same nivå i 2021 som i 2020 dvs. 5,3 mill. kroner.

(tal i 1 000 kr)	Rev. Budsjett 2020	Ans. rekneskap 2020	Økonomiplan 2021	Budsjett 2021
Sal av konsesjonskraft	- 5 344	- 5 894	- 5 344	- 5 344

## Andre inntekter

### Kommunale gebyr og avgifter

Kommunar skal fastsetje gebyr for kommunale tenester i samsvar med sjølvkostprinsippet. Det betyr at gebyr frå innbyggjarar ikkje kan overstige kostnaden med å levere tenesta.

Sunnfjord kommune legg til grunn kommunale gebyr innanfor tenestene vatn, avløp, og feiing. Desse områda skal finansierast til 100 % sjølvkost. Eventuelt for mykje eller for lite innkravd gebyr vert sett av/brukt av øymerka fond. Det betyr at kostnaden på desse områda (over tid) skal vere tilsvarande det innbyggjarane betaler i kommunale avgifter og gebyr.

Sunnfjord Miljøverk IKS tek over faktureringa av renovasjon og slam frå 2021.

Det blir lagt fram eiga politisk sak for fastsetjing av kommunale gebyr for 2021.

(tal i 1 000 kr)	Rev. Budsjett 2020	Ans. rekneskap 2020	Økonomiplan 2021	Budsjett 2021
Gebyrinntekt vatn	- 26 986	- 25 619	- 26 986	- 27 659
Gebyrinntekt avløp	- 38 071	- 36 232	- 38 071	- 38 245
Tilknytningsavgift vatn	- 400	- 1 352	- 400	- 1 500
Tilknytningsavgift avløp	- 400	- 1 262	- 400	- 1 500
<b>SUM</b>	<b>- 65 857</b>	<b>- 64 465</b>	<b>- 65 857</b>	<b>- 68 903</b>

### Refusjon ressurskrevjande tenester

Alle kommunar som yter særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester til enkeltmottakarar, kan søke om delvis refusjon av direkte lønsutgifter knytt til desse tenestene.

Omtale av ordninga i statsbudsjett 2021:

- *Ordninga med øymerka tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år.*
- *Kompensasjonsgrada blir vidareført med 80 prosent av nettoutgifter ut over innslagsnivået.*
- *Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per tenestemottakar frå kr 1,361 mill. til kr 1,430 mill. for netto utgifter i 2020. Det inneber ei auke på kr 46 000,- utover justering for pårekna lønsvekst i 2020 (1,7 prosent).*

- Tilskot for personar med psykisk utviklingshemming (16 år og eldre) i rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle statlege øyremerkte tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.

Det er budsjettert totalt 66,0 mill. kroner i refusjon knytt til ressurskrevjande tenester, såkalla toppfinansieringstilskot. Grunnlaget for budsjettert refusjon byggjer på budsjettgrunnlaget for 2020, justert for endringar i tiltak, tenesteomfang og løns- og prisvekst. Det er ei viss usikkerheit knytt til anslaga.

Om lag 50 mill. kroner av tilskotet er budsjettert på ansvar 900 finansielle føremål, medan 15,9 mill. kroner er lagt ut på einingane. I løpet av 2021 skal heile tilskotet fordelast ut på dei einingane som har ressurskrevjande tiltak.

(tal i 1 000 kr)	Rev. Budsjett 2020	Ans. rekneskap 2020	Økonomiplan 2021	Budsjett 2021
Refusjon ressurskrevjande tenester	- 50 049	- 54 300	- 50 049	- 66 022

Det er i budsjettet lagt inn ein auke i toppfinansieringstilskot. Auken kjem frå nye kostbare tiltak, og at eksisterande tiltak har auka i omfang. Kostnaden for kommunen med å levere desse tenestene er vesentleg høgare enn det som vi får redundert gjennom tilskotet. Sagt på ein anna måte: tilskotet går opp fordi nettokostnaden til kommunen går opp endå meir. Over halvparten av utfordringane innan omsorg skuldast auka kostnad knytt til ressurskrevjande tenester.

### Flyktingstilskot (Integreringstilskot)

Flyktingstilskot blir tildelt kommunane som buset flykningar etter avtale med Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI), og baserer seg på kommunen sin plikt til å tilby heiltid og heilårleg introduksjonsprogram.

Kommunane får integreringstilskot som generelt statstilskot for kvar flykting/asylsøklar kommunen tek i mot. Tilskotet pr. flykting er høgast andre året og vert så gradvis trappa ned over ein perioden på 5 år. Utover integreringstilskotet får kommunen tilskot til norskopplæring, tilskot for flykningar med nedsett funksjonsevne og bustønad.

I 2020 vart busetjinga av flykningar påverka av covid-19, og per oktober 2020 er det busett 6 flykningar i Sunnfjord kommune. Det er berekna at flykningetilskotet til kommunen blir redusert med 20 mill. kroner i 2020. Budsjett 2021 føreset at Sunnfjord skal busette 32 flykningar i 2021. Om pandemien påverkar busetjing i 2021, vil tilskotet til Sunnfjord kommune kunne bli redusert ytterlegare.

(tal i 1 000 kr)	Rev. Budsjett 2020	Ans. rekneskap 2020	Økonomiplan 2021	Budsjett 2021
Tal busettingar	32	6	32	32
Flyktingstilskot	- 52 100	- 32 100	- 52 100	- 42 100

Det vert tilrådd reduksjon i utgifter tilsvarande nedjustering av tilskotet med 10 mill. kroner i 2021. Sjå omtale av salderingstiltak side 15.

## Finans

Finansposter omfattar rente- og avdragsutgifter, renteinntekter, rentekompensasjon, avkastning på plasserte midlar og utbytte.

### Avdrag

Kommunen betalar avdrag etter minsteavdragsprinsippet. I ny kommunelov er det endra korleis denne skal bereknast. Avdragskostnadane aukar frå 81 mill. kroner i 2020 til 95 mill. kroner i 2021 som følgje av ny berekningsmetode. Auken i avdragskostnader vert finansiert med tilsvarende lågare rentekostnader.

(tal i 1 000 kr)	Rev. Budsjett 2020	Ans. rekneskap 2020	Økonomiplan 2021	Budsjett 2021
Avdrag	80 916	94 117	95 000	95 000

### Renter

Styringsrenta er den viktigaste premissen for budsjetterenter. Norges Bank satte styringsrenta til 0 % i mai 2020. I rentemøte frå september legg dei til grunn ein oppgang tidlegast i slutten av 2022. Men usikkerheita er stor. Koronapandemien, fare for inflasjon, og handelskonflikten mellom Kina og USA er årsaker som kan gi renteendring før 2022.

I budsjettet for 2021 er det lagt til grunn ei budsjetterente på 1,8 % og ein årleg rentekostnad på 40,7 mill. kroner. Dagens gjennomsnittlege lånerente er ca. 1,3 %. Dette gir ein buffer på om lag 7 mill. kroner.

Kommunalbanken og KLP legg til grunn ei budsjetterente på 0,94 % på flytande lån, og eit påslag mellom 0,30 og 0,60 for fastrente lån. For kommunen sin låneportefølje, som består av både flytande- og fastrentelån, gir det ei forventa gjennomsnittleg lånerente på om lag 1,1% i 2021, om ein legg marknaden sine forventningar til grunn. Budsjetterente på 1,8 % er difor nok til å dekke forventa rentekostnader pluss ein buffer.

Det er viktig å merke seg at budsjetterenta er kraftig redusert i budsjettet for 2021, samanlikna med det som låg i økonomiplanen tidlegare i år. Der la ein til grunn ei budsjetterente på 2,5 % med ein rentekostnad på 56 mill. kroner, aukande utover i planperioden. Dette gav ein buffer på om lag 22 mill. kroner, eit viktig handlingsrom for å balansere dei «nye» avdragskostnadane, økonomiske konsekvensane av Koronaviruset, og for å kunne handtere usikkerheita knytt til tidspunkt for effekt av effektiviserings- og innsparingstiltak. I budsjettframlegget for 2021 er dette handlingsrommet nesten brukt opp. Det vert ikkje tilrådd at Sunnfjord kommune aukar driftsnivået finansiert med lågare rentekostnad.

(tal i 1 000 kr)	Rev. Budsjett 2020	Ans. rekneskap 2020	Økonomiplan 2021	Budsjett 2021
Budsjettert lånerente	2,5 %	1,7 %	2,5 %	1,8 %
Rentekostnad	55 787	40 400	55 787	40 704

### Startlån (lån til vidare utlån)

Startlån, tilskot og bustøtte frå Husbanken er grunnpilarane i det bustadsosiale arbeidet i kommunane. Kommunane kan gjennom lån frå Husbanken yte startlån til personar som ikkje får lån i vanleg bank til kjøp av bustad, og som ikkje har moglegheit til å spare. I denne gruppa er det barnefamiljar som skal prioriterast, og 50 % av tildelte startlånsmidlar skal gå til familjar med barn. Dette har samanheng med brei politisk semje om å bekjempe barnefattigdom, og gje barn ein god og trygg plass å bu. Andre grupper er trygdemottakarar og bustadlånstakarar med gjeldsproblematikk som står i fare for at bustaden blir tvangsseld. Sunnfjord kommune legg Husbanken sitt regelverk til grunn for sakshandsaming av søknadane. Det er i budsjett og økonomiplan lagt til grunn at kommunen sin rente- og avdragskostnad til Husbanken vert finansiert gjennom innbetalte rente- og avdragskostnad frå dei som har startlån. Det vert tilrådd nytt låneopptak på 60 mill. kroner i 2021.

(tal i 1 000 kr)	Rev. Budsjett 2020	Ans. rekneskap 2020	Økonomiplan 2021	Budsjett 2021
Nytt låneopptak	60 000	60 000	50 000	60 000

### Renteinntekter

Sunnfjord kommune har bankavtale med Sparebanken Sogn og Fjordane. Budsjettert renteinntekt på 8,1 mill.kroner i 2020 er vidareført i 2021.

### Rentekompensasjon

Rentekompensasjon skal stimulere kommunane til å investere gjennom at staten kompenserer rentekostnaden. Sunnfjord kommune får rentekompensasjon for skular, omsorgsbustadar, sjukeheim og tiltak i kyrkja. Renta som blir lagt til grunn blir berekna i samsvar med Forskrift om rente- og avdragsvilkår i Husbanken § 5.

(tal i 1 000 kr)	Rev. Budsjett 2020	Ans. rekneskap 2020	Økonomiplan 2021	Budsjett 2021
Rentekompensasjon skular	- 671	- 537	- 470	- 470
Rente- og avdragskompensasjon omsor	- 3 823	- 3 408	- 3 176	- 3 176
Rentekompensasjon kyrkje	- 20	- 16	- 14	- 14
<b>SUM</b>	<b>- 4 514</b>	<b>- 3 961</b>	<b>- 3 660</b>	<b>- 3 660</b>

### Avkastning på plasserte midlar

I samband med retta emisjon i Sunnfjord Energi AS, fekk Førde kommune utbetalt ein eingongssum på 73 955 200 kroner i 2000. Heile summen var opphavleg sett av til fond, og 60 mill. kroner vart plassert i verdipapir. I tillegg plasserte Førde kommune ca. 10 mill. kroner i verdipapir i samband med erstatning for tapt utbygging av Gaularvassdraget.

Pr. august 2020 er verdien på plasserte midlar 179,8 mill. kroner. Midlane er plassert hos 3 ulike forvaltningsmiljø. Det er lagt til grunn 65 % plassert i rentefond til ei forventa avkastning på 3 % og 35 % plassert i aksjefond til ei forventa avkastning på 6 %. Dette gjev ei samla avkastning på 4,0 % årleg.

(tal i 1 000 kr)	Rev. Budsjett 2020	Ans. rekneskap 2020	Økonomiplan 2021	Budsjett 2021
Total saldo plasserte midlar	170 400	179 800	177 898	182 000
Gevinst (%)	4,4 %	4,0 %	4,4 %	4,1 %
Gevinst (kr)	- 7 498	- 7 192	- 7 828	- 7 498

## Utbytte

Det er budsjettert årleg utbytte til Sunnfjord kommune på 25,5 mill. kroner i samsvar med tabell nedanfor.

(tal i 1 000 kr)	Rev. Budsjett 2020	Ans. rekneskap 2020	Økonomiplan 2021	Budsjett 2021
Utbytte frå BKK AS	- 20 300	- 12 700	- 20 300	- 20 300
Utbytte frå SFE AS	- 56	- 60	- 56	- 56
Utbytte frå Sogn og Fjordane Holding AS	- 6 500	- 8 600	- 6 500	- 4 300
Utbytte frå Eninvest AS	- 5	- 5	- 5	- 5
Utbytte frå Firda Billag AS	- 845	- 845	- 845	- 845
<b>SUM</b>	<b>- 27 706</b>	<b>- 22 210</b>	<b>- 27 706</b>	<b>- 25 506</b>

## Driftsbudsjett – oppsummert

### Innsparing

I 2020 er det gjennomført innsparingstiltak på totalt 12,5 mill. kroner. I 2021 er det budsjettert innsparingar på totalt 33,05 mill. kroner. Ny innsparingar utgjør totalt 20,55 mill. kroner.

Nr	Teneste	Tiltak	Budsjett 2020	ØP 2021	Budsjett 2021
1	Barnehage	Seks barn per årsverk på avdeling	1,25	2,90	2,90
2	Skule	Plan for å vurdere skulestruktur	-	3,00	3,00
3	Barnehage	Plan for å vurdere barnehagestruktur	-	2,00	2,00
4	Vaksenoppl. og int.	Redusere bemanning programrådgjevar i Vaksenopplæring og integrering	0,70	1,60	1,60
5	SFO/Skule	Auka inntektene SFO med 10% og redusere tilbodsstrukturen	0,40	0,80	0,80
6	SFO/Skule	Ressursmodell for SFO. Redusere bemanning 1:16	0,50	1,30	1,30
7	Skule	Standard for midlar til materiell og utstyr	-	0,30	0,30
8	Skule	Redusere rammetimetalet til ordinær undervisning til 7 årsverk per 100 elevar	1,40	2,00	2,00
9	Kultur	Endre bibliotekstruktur, færre filialar.	-	0,44	0,44
		<b>Delsum oppvekst og kultur</b>	<b>4,25</b>	<b>14,34</b>	<b>14,34</b>
1	Omsorg	Auka bruk av velferdsteknologi	0,20	0,40	0,40
2	Omsorg	Bemanningscenter	-	0,60	0,60
3	Omsorg	Elektronisk medisineringsstøtte	1,00	2,10	2,10
4	Omsorg	Helsefremmende arbeidstidsordningar og redusere sjukefravær	-	1,00	1,00
6	NAV	Styrke arbeidsretta oppfølging	0,30	1,00	1,00
7	Omsorg	Organisering av nattevakt og bruk av digitalt nattilsyn	-	0,90	0,90
8	Barnevern	Færre tiltak i barnevern ved betre tverrfagleg innsats	-	0,70	0,70
9	Omsorg	Redusert bruk av leiarressursar	-	0,40	0,40
10	Helse	Reduksjon av årsverk psykisk helse og rus	0,40	0,70	0,70
11	Helse	Reduksjon av årsverk organisering av frivilligarbeid	0,10	0,40	0,40
12	Helse	Reduksjon av årsverk og driftstilskot fysioterapi	0,30	0,50	0,50
13	Helse	Endra bruk av ressurs folkehelsekoordinator	-	0,20	0,20
14	Barnevern	Vurdering av advokat- og konsulenttenester i barnevernet	-	0,40	0,40
15	Omsorg	Organisering av matombringning	0,20	0,10	0,10
16	Helse	Frivillig arbeid i aktivitetstilbudet	-	0,10	0,10
17	Helse	Reduksjon av årsverk i skolehelsetjeneste	0,20	0,40	0,40
18	Helse	Reduksjon av årsverk bistillinger legetjeneste	0,10	0,30	0,30
19	Omsorg	Samlokalisering av bustadar, Butiltak psykisk helse	-	0,20	0,20
20	Omsorg	Hente inn inntekter på praktisk bistand, mindre etterspørsel?	-	0,10	0,10
		<b>Delsum helse, sosial og omsorg</b>	<b>2,80</b>	<b>9,10</b>	<b>9,10</b>
2	Adm	Redusere utgifter til kontroll og revisjon	2,00	2,30	2,30
3	Adm	Avvikle fritidsforsikring	0,17	0,18	0,18
4	Adm	Redusere bemanning administrasjon	1,58	3,48	3,48
7	Samferdsel	Redusere utgifter til kommunale veger	0,30	0,30	0,30
13	Næring	Redusere tilskot til Sunnfjord utvikling	-	0,75	0,75
14	Næring	Redusere bemanning på landbruk	0,25	0,25	0,25
17	Eiendom	ENØK-tiltak	0,50	1,00	1,00
18	Eiendom	Vaskeri	0,15	0,45	0,45
20	Øvrige	Redusere finanskostnader	0,50	0,50	0,50
		<b>Delsum teknisk og administrasjon</b>	<b>5,45</b>	<b>9,21</b>	<b>9,21</b>
		<b>SUM INNSPARING</b>	<b>12,50</b>	<b>33,05</b>	<b>33,05</b>

Fleire av innsparingstiltaka er under arbeid og vil kome som eigne notat og saker til kommunestyre.

## Prioriterte driftstiltak

Tabellen nedanfor viser prioriterte driftstiltak innanfor handlingsrommet i vedteken økonomiplan 2021-2024. Desse driftstiltaka på totalt 14,585 mill. kroner er innarbeidd i budsjett 2021. I tillegg er uløyste budsjettutfordringar i omsorg i 2020 på totalt 14 mill. kroner budsjettet i 2021..

Sektor	Tiltak - kva	2021
Omsorg	Vekst brukarar i omsorgstenestene	2 500
Barnehage	Tilskot til private barnehagar	3 600
Skule	Vedlikehald og fornying av datamaskiner og digitale læremiddel/lisensar	1 500
Omsorg	Nytt tiltak Sande bu- og miljøteneste (netto)(brutto 2200)	1 500
Omsorg	Nytt BPA tiltak Førde bu- og miljøteneste, eining 1	800
Omsorg	Bu- og avlastingstenesta, bemanning av tiltak	800
Teknisk og miljø	Underdekning – byggvedlikehald (løpande vedlikehald, lov-/forskriftskrav)	1 500
Helse og sosial	Budsjettdekking for arbeid for yrkes og utviklingshemma (VTA)	885
Stab og støtte	Microsoft-lisensar (årleg leige O365/Teams i heile org.)	1 500
	<b>SUM</b>	<b>14 585</b>

## Oppsummert

Budsjettutfordringa etter at einingane hadde levert sine budsjettframlegg var på 50-60 mill. kroner. Alle budsjettframlegg er kvalitetssikra med kritisk gjennomgang av budsjetterte inntekter/refusjonar, vikarkostnadar, innsparingar og der nye tiltak som ikkje er prioritert er tekne ut. Sjå elles omtale av kvar sektor i dei påfølgjande kapittele.

Etter kvalitetssikring og generell saldering var samla budsjettutfordring redusert til 26,9 mill. kroner oppsummert i følgjande tabell:

Oppsummert budsjettutfordring	
Skule - grunnskule for minoritetsspråklege ungdom	1 300 000
Skule - vaksenopplæring og integrering	2 400 000
Helse og sosial - meirkostnad SYS IKL	800 000
Helse og sosial - fysio/ergoterapi (inntektsreduksjon)	600 000
Helse og sosial - legetenesta (auka godtgjersle, lønsauke)	800 000
Helse og sosial - helsestasjon (gratis vaksine, tilskotsreduksjon psykolog)	400 000
Omsorg - bu- og miljøtenestene (auka eigenandel tilskot ressurskrevjande tenester	1 600 000
Omsorg - heimetenestene (auke lønskostnad)	1 700 000
Omsorg - kjøkkentenesta	400 000
Kulturskulen (auka lønskostnad)	200 000
Kultur og ungdom - auke i tilskot til kulturinstitusjonar	300 000
Teknisk og miljø - vintervedlikehald	6 400 000
Redusert flyktingtilskot	10 000 000
<b>SUM</b>	<b>26 900 000</b>

## Salderingstiltak

For å finansiere budsjettutfordringane på 26,9 mill. kroner er følgjande salderingstiltak innarbeidd i årsbudsjett 2021:

<b>Saldering</b>	
Innsparing flyktningtilskot	- 10 000 000
Økning i frie inntekter utover prognose	- 3 900 000
Auka forventning kompensasjon inntektsutjamnande tilskot - auka frå 3 til 4 mill. kroner	- 1 000 000
Konsesjonskraft - tidlegare red. 2 mill. kr, korrigert tilbake	- 2 000 000
Stryke overføring til investering	- 10 000 000
<b>SUM</b>	<b>- 26 900 000</b>

Følgjande fordelingsnøkkel er lagt til grunn for innsparing/ kostnadsreduksjon som følgje av tilsvarande lågare flyktningtilskot:

<b>Fordelingsnøkkel - flyktningtilskot</b>	<b>%-vis fordeling</b>	<b>Beløp</b>
Vaksenopplæring og integrering	40 %	- 4 000 000
NAV	27 %	- 2 700 000
Helsestasjon	3 %	- 300 000
Legetenesta	3 %	- 300 000
Psykisk helse og rus	3 %	- 300 000
Barnevern	9 %	- 900 000
Grunnskule	10 %	- 1 000 000
Barnehage	5 %	- 500 000
<b>SUM</b>	<b>100 %</b>	<b>- 10 000 000</b>

Salderingstiltaket som omfattar å stryke overføring til investering med 10 mill. kroner, medfører at vi bryt med vedteken handlingsregel i økonomiplanen om netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter på 1,5 %. Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter er 1,2 % i framlegget til årsbudsjett 2021. For å unngå brot på handlingsregel om å ikkje auke netto lånegjeld, er det tilrådd reduksjon av investeringar tilsvarande 10 mill. kroner + meirverdiavgift.



## Økonomisk oversikt – drift

Tabellen nedanfor er obligatorisk oversikt i årsbudsjettet. Den viser samla driftsinntekter på 2 mrd. kroner i 2021. Både sum driftsinntekter og sum driftsutgifter er lågare i budsjett 2021 enn i revidert budsjett for 2020. Det kan forklarast med at i revidert budsjett for 2020 inngår bruk av reformstøtte og omstillingsmidlar til Covid-19 tiltak i 2020.

Netto driftsresultat er redusert frå 1,6 % i budsjett 2020 til 1,2 % i budsjett 2021.

Økonomisk oversikt - drift	Oppr. budsjett 2020	Rev. budsjett 2020	Budsjett 2021
<b>Driftsinntekter</b>			
Rammetilskudd	742 584 178	766 784 178	722 403 000
Inntekts- og formuesskatt	636 561 822	618 961 822	707 147 000
Eiendomsskatt	75 253 000	75 253 000	78 300 000
Andre overføringer og tilskudd fra staten	79 079 753	102 876 453	58 325 000
Overføringer og tilskudd fra andre	172 088 345	180 157 676	174 583 989
Brukerbetalingar	71 963 227	72 756 227	80 858 723
Salgs- og leieinntekter	184 698 482	187 449 123	157 503 355
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>1 962 228 807</b>	<b>2 004 238 479</b>	<b>1 979 121 067</b>
<b>Driftsutgifter</b>			
Lønnsutgifter	1 043 004 022	1 054 557 286	1 060 629 264
Sosiale utgifter	282 339 215	272 382 484	275 435 986
Kjøp av varer og tjenester	394 890 662	413 728 227	420 078 829
Overføringer og tilskudd til andre	116 365 667	132 322 341	105 278 778
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>1 836 599 566</b>	<b>1 872 990 338</b>	<b>1 861 422 857</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>125 629 241</b>	<b>131 248 141</b>	<b>117 698 210</b>
<b>Finansinntekter</b>			
Renteinntekter	8 260 000	15 758 000	14 730 000
Utbytter	27 702 840	27 702 840	25 502 840
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidlar	7 498 000	-	7 498 000
Renteutgifter	62 282 713	61 782 713	47 203 765
Avdrag på lån	80 916 437	80 916 437	95 000 000
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>- 99 738 310</b>	<b>- 99 238 310</b>	<b>- 94 472 925</b>
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>25 890 931</b>	<b>32 009 831</b>	<b>23 225 285</b>
<b>Disp. eller dekning av netto driftsresultat:</b>			
Overføring til investering	- 26 300 000	- 69 858 140	- 24 830 000
Netto avs. til eller bruk av bundne driftsfond	409 069	909 069	1 604 715
Netto avs. til eller bruk av disposisjonsfond	-	2 541 457	-
Bruk av tidligere års mindreforbruk	-	34 397 783	-
Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-
<b>Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>- 25 890 931</b>	<b>- 32 009 831</b>	<b>- 23 225 285</b>
Fremført til inndeckn. i senere år (merforbruk)	-	-	-

Hovuvoversikt er ajourført i samsvar med kommunestyrevedtak 10.12.2020.

## Bevilgningsoversikt – drift

Tabellen nedanfor er obligatorisk oversikt i årsbudsjettet. Den viser samla bevilgning til fordeling på sektorane. Beløpet til fordeling er uendra frå 2020 til 2021 med 1 415 mil. kroner.

Bevilgningsoversikt - drift	Oppr. budsjett 2020	Rev. budsjett 2020	Budsjett 2021
Rammetilskudd	742 584 178	766 784 178	722 403 000
Inntekts- og formueskatt	636 561 822	618 961 822	707 147 000
Eiendomsskatt	75 253 000	75 253 000	78 300 000
Andre generelle driftsinntekter	63 099 253	85 413 253	45 760 000
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>1 517 498 253</b>	<b>1 546 412 253</b>	<b>1 553 610 000</b>
Sum bevilgninger drift, netto	1 391 869 012	1 415 164 112	1 435 911 790
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>1 391 869 012</b>	<b>1 415 164 112</b>	<b>1 435 911 790</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>125 629 241</b>	<b>131 248 141</b>	<b>117 698 210</b>
Renteinntekter	8 260 000	15 758 000	14 730 000
Utbytter	27 702 840	27 702 840	25 502 840
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidler	7 498 000	-	7 498 000
Renteutgifter	62 282 713	61 782 713	47 203 765
Avdrag på lån	80 916 437	80 916 437	95 000 000
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>- 99 738 310</b>	<b>- 99 238 310</b>	<b>- 94 472 925</b>
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>25 890 931</b>	<b>32 009 831</b>	<b>23 225 285</b>
<b>Disp. eller dekning av netto driftsresultat</b>			
Overføring til investering	- 26 300 000	- 69 858 140	- 24 830 000
Netto avs. til eller bruk av bundne driftsfond	409 069	909 069	1 604 715
Netto avs. til eller bruk av disposisjonsfond	-	2 541 457	
Bruk av tidligere års mindreforbruk	-	34 397 783	-
Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-
<b>Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>- 25 890 931</b>	<b>- 32 009 831</b>	<b>- 23 225 285</b>
Fremført til inndekn. i senere år (merforbruk)	-	-	-

Bevilgningsoversikt er ajourført i samsvar med kommunestyrevedtak 10.12.2020.

## Driftsbudsjett fordelt på sektor

Dette kapitlet omfattar sektorvis informasjon om organisering, budsjettframlegg og ikkje løyste utfordringar for kvar av sektorane.

## Skule



**100 %**  
sjølvkost i SFO

**-5,0 mill**

Sektoren sin del av innsparing flyktningetilskot. 1,0 mill skule, 4 mill Vaksenopplæring og integrering

**10,5 mill.**

til IKT satsing i skulen.  
Ei datamaskin per elev



**-5,3 mill.**  
Innsparing i skule

## Skule

Ansvar		Rev. budsjett 2020	Avvik pr. 2. tertial 2020	Budsjett 2021
210	Førde barneskule	22 520 579	550 000	23 374 945
211	Halbrend skule	39 725 281	0	37 506 203
212	Karstad skule og barnehage	4 953 316	-200 000	4 107 366
213	Sunde skule	15 332 772	0	14 883 622
214	Holsen skule og barnehage	8 997 067	0	9 703 108
215	Frøysland skule	3 461 861	-150 000	3 335 752
216	Vevring skule og barnehage	3 472 089	0	3 917 432
217	Slåtten skule	30 883 462	0	31 200 453
218	Flatene skule	21 740 758	0	23 188 781
219	Førde ungdomsskule	29 209 188	200 000	30 710 910
220	Viksdalen skule	7 620 684	-400 000	7 655 876
221	Sande skule	27 171 279	-250 000	28 917 806
222	Bygstad skule	12 208 706	-9 000	11 436 022
223	Skei skule	19 135 694	-100 000	17 563 650
224	Vassenden skule	27 296 657	1 800 000	29 916 571
225	Naustdal skule	37 960 253	-1 000 000	39 206 420
260	PPT	12 220 727	0	11 451 013
270	Vaksenopplæring og integrering	14 160 782	5 280 000	11 719 732
	<b>Skular</b>	<b>338 071 155</b>	<b>5 721 000</b>	<b>339 795 662</b>

## Omtale sektoren sitt framlegg til budsjett for einingane

### Teneste 2020 Undervisning i grunnskule

Skulane sitt budsjett bygger på tildelte rammetimar. Rammetimane følgjer skuleåret og budsjettet blir justert tilsvarende med 5/12 verknad kvar haust. Grunna desse endringane avvik dei fleste skulane frå tildelt ramme. Nokre skular får eit høgare timetal og andre skular får eit redusert timetal. Timetalet blir justert etter endringar i elevtal og endra behov skulen har for spesialundervisning. Skulane si samla ramme er på 344 mill. kroner og dei 16 skulane budsjetterer med eit avvik på 1,5 mill.

Førde ungdomsskule har i tillegg til endringar i timetalet, ansvar for grunnskule for minoritetsungdom (GMU) tilbodet i Sunnfjord kommune. Tilbodet blir gitt til elevar under 18 år som manglar tilstrekkelig grunnlag for å fullføre vidaregåande utdanning. Tilbodet er eit samarbeid med Vestland fylkeskommune, og er lokalisert på Mo og Øyrane vidaregåande skule. Fylkeskommunen dekkjer kostnader til lokale og bygg, Sunnfjord kommune dekkjer kostnaden til lærarar. Det er Førde ungdomsskule som er fagleg ansvarleg. Før samanslåinga vart tilbodet finansiert saman med dei andre kommunane som no utgjer Sunnfjord kommune. I tillegg kjøpte andre kommunar plass for sine ungdomar. Etter kommunesamanslåinga blir ikkje tilbodet finansiert gjennom inntekter og andre kommunar har ikkje etterspurt plass. Kostnadane til GMU går difor ut over den tildelte ramma i skulen med 1,5 mill. kroner i 2021, og blir lagt til ramma.

Halbrend skule har budsjetter med 4,1 mill. under den tildelte ramma. Avviket skuldast reduksjon i elevtalet på grunn av at 5. trinnet vart flytta til Flatene skule. I tillegg kjem ein generell reduksjon i timetalet.

Flatene skule har budsjetter med ein auke på 2,2 mill. Auken skuldast at Flatene skule i 2020 fekk overført 5. trinnet frå Halbrend skule.

Innsparingskravet på rammetimar er 2 mill. kr i 2021. Innsparingskravet er ikkje lagt inn i ramma no, men blir fordelt og trekt ut prosentvis frå einingane. Det same gjeld innsparingskravet på drift med 0,3 mill. kr. Innsparingskravet på 3 mill kroner som som er knytt opp mot struktur, er ikkje fordelt ut på einingane. Skulane sin del av reduksjonen i flykntingstilskotet, er på 1 mill. kroner. Innsparingane på flykntingetilskotet blir effektuert ved å redusere norsktimar til framandspråklege elevar, frå skuleåret 21/22.

### **SFO og SFO spesial teneste 21500, 21510**

Det er budsjettert med balanse i utgifter og inntekter for SFO. SFO skal drive etter sjølvkostprinsippet og foreldrebetalinga skal dekke utgiftene. Som ein del av innsparingskravet i sektoren er bemanninga redusert til 1:16 barn frå skuleåret 20/21. I tillegg kjem prisauke og endringar i tilbodsstrukturen. Samla sett er det usikkert korleis endringane påverkar SFO sine inntekter i budsjettåret 2021.

Frå skuleåret hausten 2020 vart det innført ei ordning med inntektstak i SFO for barn på 1. og 2. trinn. Foreldre skal ikkje betale meir enn 6% av inntekta til SFO. I framlegg til statsbudsjett er ordninga vidareført og utvida til også å gjelde for barn på 3. og 4. trinn.

Elevar med særskilte behov har rett til SFO etter 5. trinn og ordninga skal vere gratis. Det er lagt inn kompensasjon til kommunane i framlegg til statsbudsjett.

Endringane i SFO kan slå positivt ut for inntektene, sidan fleire foreldre kan velje tilbod med fleire timar i SFO per veke.

### **Pedagogisk psykologisk tenestekontor**

PPT avvik ikkje frå tildelt ramme. Ramma er redusert med 1 mill. i 2021, noko som skuldast bortfall av husleige til rådhuset etter samanslåinga.

### **Vaksenopplæring og integrering**

Vaksenopplæring og integrering skal drive etter introduksjonslova. I introduksjonslova inngår kvalifisering og opplæring i norsk og samfunnsfag. Normert tid i introduksjonsordninga er to år, men kan utvidast til eit tredje og fjerde år etter ei individuell vurdering. I tillegg skal eininga tilby grunnskule for flykntingar som er over 18 år. Eininga skal budsjettere med utgifter til introduksjonsordninga og undervisning. I tillegg skal eininga betale ut introduksjonstilskot til deltakarane i introduksjonsprogrammet. I 2020 er det per oktober busett 6 flykntingar. Sunnfjord kommune har vedteke å busette 42 flykntingar. Konsekvensen er reduksjon i inntektene, men og i aktiviteten. Sidan eininga skal gi flykntingane som er i systemet eit tilbod, tek det noko tid å tilpasse drifta til redusert busetjing. Det er lagt inn ei innsparing i drifta på 4 mill. i 2021.

### **Ikkje løyste utfordringar i sektoren**

Skulen budsjetterer innanfor tildelt ramme, men budsjettet er utfordrande for skulane. Skulestrukturen i Sunnfjord kommune er desentralisert, likevel driv skulane billigare enn strukturen skulle tilseie. Konsekvensen er at mange skular har store klassar og få timar til tilpassa opplæring, deling i fag og spesialundervisning.

Fagfornyninga, reviderte læreplanar og overordna del pålegg skulane å arbeide meir differensiert, bruke IKT som verktøy og fokusere på djupare læring. Overordna del av læreplanen og læreplanane skal sette fokus på utfordringane i samfunnet som berekraftig utvikling og den teknologiske utviklinga.

Skal fagfornyninga i Sunnfjord-skulen bli implementert etter intensjonane, er det behov for ressursar. Ressursar som gir skulane handlingsrom nok til å differensiere undervisninga og læringsaktivitetane.

IKT-satsinga er ein viktig del av fagfornyninga, og det er på veg inn i skulen ei datamaskin per elev. Utfordringa framover blir å bygge IKT-kompetanse og kunne vedlikehalde og oppdatere maskinparken. I 2021 blir drifta auka med 1,5 mill. kroner for å dekke inn utgifter til lisensar i samband med fagfornyninga.

Skulane melder om utfordrande elevar og manglande ressursar for å følgje opp desse. Prosentvis aukar ikkje andelen elevar med spesialundervisning, men vanskaner er meir samansette og utfordrande. Skulane melder om utagerande elevar som treng kontinuerleg tilsyn. Mangelen på ressursar kan utløyse skulemiljøsaker, sidan utagering ofte påverkar andre elevar i skulemiljøet. Budsjettet gir ikkje skulane ressursar nok til å løyse desse utfordringane.

Utagerande elevar og elevar med store samansette vanskar krev ressursar. Desse elevane må få tildelt tilstrekkeleg med timar. Elevar med mindre vanskar må difor nedprioriterast i tildelinga av ressursane, noko som kan påverke deira utvikling fagleg og sosialt.

Eit godt støttesystem er viktig for oppfølging av elevar og barn i skule og barnehage. Elevar og barn med store samansette vanskar og samansette skulemiljøsaker, utfordrar skulen sin kompetanse. Det er i slike saker behov for eit godt støttesystem. PPT skal arbeide individuelt og systemisk. På grunn av mange individ saker, har ikkje PPT kapasitet til å arbeide systemisk, men må prioritere sakkunnig utgreiing.

Kompetanseteamet er organisert under PPT, men arbeider sjølvstendig ut mot barnehagane. Dei arbeider saman med barnehagane for å bygge kompetanse og for å rettleie tilsette. Kompetanseteamet vart bygd opp i tidlegare Førde kommune og teamet er ikkje dimensjonert for å handtere alle barnehagane i Sunnfjord kommune. Samla får barnehagane i Sunnfjord kommune eit redusert tilbod, eller eit ulikt tilbod. Det er behov for å styrke teamet, og det er ønskjeleg at teamet skal dimensjonerast for å kunne arbeide med barn og ungdom frå 0-16 år. Budsjettet løyser ikkje utfordringane med å auke kapasiteten til kompetanseteamet, eller ta ned ventelista i PPT.

Vaksenopplæring og integrering har utfordringar med å tilpasse tenesta til eit skiftande tal flyktningar. Anmodning om mottak varierer årleg og påverkar aktiviteten. Eininga skal kunne tilby grunnskule og norskopplæring for dei som ikkje kjem inn under introduksjonsordninga, eller er i jobb på dagtid. Det kan vere arbeidsinvadrarar, eller andre grupper. Eininga melder at dei ikkje kan tilby eit slikt tilbod på ettermiddag og kveld innanfor budsjetttramma.

# Barnehage

**68,5 mill.**

Tilskot til private barnehagar



**1:6**

Struktur utfordrar bemanningsnorm om 1 vaksen per 6 plassar

**-2,0 mill.**

Barnehagesektoren sin del av innsparing

## Barnehage

Ansvar		Rev. budsjett 2020	Avvik pr. 2. tertial 2020	Budsjett 2021
310	Slåttebakkane barnehage	6 396 161	600 000	5 735 475
311	Halbrend barnehage	7 978 958	140 000	8 090 900
312	Vie barnehage	14 354 325	0	14 021 456
313	Solsida barnehage	14 459 486	0	14 106 157
314	Vieåsen barnehage	8 501 907	50 000	8 354 115
315	Tusenfryd barnehage	8 528 275	0	8 702 886
316	Hatlehaugen barnehage	6 670 085	100 000	6 616 609
317	Ytre Hafstad barnehage	9 421 336	450 000	9 448 234
318	Nærleiken barnehage	12 310 812	1 185 000	11 741 535
319	Sunde barnehage	8 369 951	0	8 606 848
320	Viksdalen barnehage	2 292 430	0	2 190 585
321	Bygstad barnehage	7 756 414	0	8 275 863
322	Skei barnehage	8 842 413	0	8 880 389
323	Langhaugane barnehage	8 553 711	300 000	9 195 960
324	Lunden barnehage	10 669 947	-400 000	10 168 873
100	Private barnehagar og spes.ped/inntektsred.	73 774 377	6 500 000	77 629 999
	<b>Barnehage</b>	<b>208 880 588</b>	<b>8 925 000</b>	<b>211 765 884</b>

### Omtale sektoren sitt framlegg til budsjett for einingane

Barnehagane sine budsjett byggjer på tildelte rammer, og sektoren samla er innanfor tildelte budsjettammer for 2021.

Foreldrebetaling i barnehage vil auke med kr. 95,- pr. måned frå 01.01.21, og ny makspris for 100 % barnehageplass er sett til kr. 3230,- pr. måned. Sunnfjord kommune har lagt ny makspris til grunn i budsjettet for 2021.

### Ikkje løyste utfordringar i sektoren

Barnehagane budsjetterer samla innanfor tildelte budsjettammer for 2021, men ramma til den einskilde barnehage er svært stram og gir utfordringar.

Barnehagestrukturen, der vi ser ein overkapasitet av barnehageplassar i delar av Sunnfjord kommune, utfordrar i høve det å greie fylla opp barnehageplassar etter norm på 1 vaksen pr 6 plassar. Dette gir meirkostnader då barnehagane må ha personale heile opningstida, uavhengig av tal barn som nyttar barnehagen.

Sunnfjord kommune har fleire små barnehagar. Små barnehagar driv mindre kostnadseffektivt enn større barnehagar. Dette då ein ikkje har nokon stordriftsfordelar. Til dømes ved frávær i personalgruppa kan ein i store barnehagar samarbeide på tvers av avdelingar slik at ein ikkje treng setje inn vikar for å ha nok vaksne i høve tal barn. I små barnehagar må ein i langt større grad setje inn vikar for å ha forsvarleg drift gjennom heile barnehagen si opningstid. Dette gir uføresette, og auka vikarkostnader.

Sunnfjord kommune betalar årleg ut tilskot til private barnehagar. Tilskot til private barnehagar er basert på den gjennomsnittlege kostnaden pr barn i kommunale barnehagar basert på to år gamle rekneskapstal. Utgangspunktet er at dei private barnehagane skal ha ei likeverdig økonomisk drift som dei kommunale barnehagane. Små kommunale barnehagar



med låg oppfyllingsgrad i avdelingane gjev ein dyr barnehagestruktur som igjen gjev høgare tilskot til private barnehagar. Med noverande barnehagestruktur betalar Sunnfjord kommune høge tilskot til private barnehagar.

Barnehagane i Sunnfjord kommune har overtallige tilsette assistentar/fagarbeidarar. Dette fører til at fleire barnehagar ikkje følgjer vedteken pedagognorm, og må søke om dispensasjon frå pedagognorma. På sikt vil det å ha dispensasjon frå pedagognorma få konsekvensar for den faglege kvaliteten i den einskilde barnehage.

Sunnfjord kommune har høge utgifter til styrkingstiltak og spesialpedagogiske vedtak. Dette skuldast ikkje utelukkande mange vedtak, men svært kostbare vedtak der barna har samansette vanskar. Ved å kome tidleg inn vil ein kunne førebygge einskildvedtak, og dermed redusere kostnadane på sikt. Sunnfjord kompetanseteam jobbar førebyggjande inn mot barnehagane, gjennom tidleg innsats. Sunnfjord kompetanseteam rettleiar tilsette i barnehagane slik at barn som treng hjelp og støtte får dette utan at det er naudsynt med tilmelding til PPT, og utan av det vert naudsynt med vedtak etter barnehagelova. Sunnfjord kompetanseteam vart i si tid etablert i Førde kommune og hadde 2 årsverk, og ytte tenester til 15 barnehagar. Ved overgang til Sunnfjord kommune har tal barnehagar auka til 26, utan at Sunnfjord kompetanseteam har fått tilført midlar. Dette betyr at 2 årsverk no vert fordelt på 26 barnehagar. Altså ein auke i 11 barnehagar. Konsekvensen av dette er at barn som treng hjelp, og som i utgangspunktet kunne fått hjelp tidleg, no står i fare for å ikkje få rett hjelp til rett tid. Resultatet av dette vil på sikt bli ein auke i spesialpedagogiske vedtak. Det er eit stort behov for å auke ressursar til eit kompetanseteam som kan jobbe førebyggjande.

Høgt sjukefråvær og slitasje på tilsette i barnehagesektoren er ei utfordring. Årsakene til høgt sjukefråvær er samansette, og ein viktig faktor knytt til økonomiske overskridingar. Situasjonen knytt til korona gjer fråværssituasjonen meir utfordrande enn ved normale tilhøve. Ved høgt sjukefråvær vert arbeidspresstet auka på dei som er på jobb, noko som igjen kan føre til auka slitasje og auka fråvær.

IKT i barnehagen er eit forsømt område i barnehagesektoren, og det er store variasjonar i kva barnehagane har av naudsynt IKT-utstyr. Fleire barnehagar melder om at dei manglar IKT utstyr og PC til pedagogisk personale slik at pålagte oppgåver kan gjennomførast. Ein manglar også digitalt utstyr til å kunne gjennomføre spesialpedagogiske opplegg. Barnehagane manglar IKT-utstyr til å kunne bruke saman med barna i barnehagen. Rammeplan for barnehagen seier at bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barna sine læreprosessar, og gje eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn. Ved bruk av digitale verktøy skal dei tilsette vere aktive med barna. Barnehagen skal utøve digital dømmekraft og bidra til at barna byrjar å utvikle ei etisk forståing knytt til digitale medier. Slik situasjonen er i Sunnfjord kommune stettar vi ikkje det som står i Rammeplan for barnehage knytt til barnehagen sin digitale praksis. Dette igjen gjer til at ein ikkje rustar barna til å møte IKT i skulen på ein god måte.

Krav om innsparing er krevjande for barnehagesektoren, og er inngripande i måten å drive barnehage på. Det fører og til at det rammar ulikt. Barnehagar som allereie driv effektivt og som fyller norma om 1 tilsett pr 6 plassar har eit lite innsparingspotensiale og har knappe ressursar til drift. Skal barnehagesektoren klare innsparingskravet må ein ta større grep enn det ein greier på drift.

# Omsorg



**0,8**

Mål for minimums  
pleiefaktor på  
omsorgssentera i  
Sunnfjord

**20 av 22**

Einingar med 24-timars  
døgndrift



**-4,1 mill.**

Omsorgssektoren  
sin del av  
innsparing

## Omsorg

Ansvar		Rev. budsjett 2020	Avvik pr. 2. tertial 2020	Budsjett 2021
510	Førde omsorgssenter, korttid	15 438 498	500 000	15 046 623
511	Førde omsorgssenter, langtid	14 923 560	1 500 000	15 788 982
512	Førde omsorgssenter, skjerma	15 823 743	2 400 000	17 210 929
513	Sande omsorgssenter	22 233 189	0	22 873 677
514	Naustdal omsorgssenter	15 254 551	750 000	14 707 607
515	Skei omsorgssenter	21 619 172	1 000 000	20 163 813
530	Sande heimeteneste	11 210 847	800 000	13 754 223
531	Naustdal heimeteneste	19 626 845	500 000	20 229 311
532	Skei heimeteneste	16 974 766	1 300 000	17 958 572
533	Vassenden heimeteneste	14 421 860	800 000	16 644 067
534	Førde heimeteneste, eining 1	26 355 699	1 200 000	27 091 001
535	Førde heimeteneste, eining 2	32 558 389	2 500 000	34 254 301
550	Skei bu- og miljøteneste	12 193 552	300 000	13 147 954
551	Førde bu- og miljøteneste, eining 1	16 213 024	3 830 000	19 402 548
552	Førde bu- og miljøteneste, eining 2	16 306 239	600 000	16 469 421
553	Førde bu- og miljøteneste, eining 3	16 957 317	0	16 736 251
554	Sande bu- og miljøteneste	16 404 556	600 000	19 684 845
555	Naustdal bu- og miljøteneste	21 363 395	-1 100 000	21 578 178
556	Bu- og avlastingstenesta	10 722 323	1 800 000	11 748 349
570	Butiltak psykisk helse	23 686 818	5 500 000	29 909 786
580	Tildelingseininga	6 808 384	-300 000	6 862 614
590	Kjøkkentenesta	16 097 344	1 000 000	16 925 962
	<b>Omsorg</b>	<b>383 194 071</b>	<b>25 480 000</b>	<b>408 189 014</b>

### Omtale sektoren sitt framlegg til budsjett for einingane

Det er i omsorg vi finn turnuseiningane. 20 av 22 einingar har 24-timars døgndrift. Omfang av tenester er avhengig av brukarane sine behov. Brukaren sitt tenestebehov vert kartlagt og tenester vert tildelt gjennom enkeltvedtak. Kommunen har lovfesta plikt til å yte nødvendige helsetenester, jf. Helse- og omsorgstenestelova.

Jamt over melder einingane om auke i tenestebehov og dermed auke i ressursar for å dekke tenestebehovet. Den demografiske utviklinga tilseier at det vert fleire eldre i kommunen i åra som kjem. Fleire eldre fører til auke i tenester. Sjølv om den store auken ikkje vil vise seg før om 3-4 år, så merkar vi endringar i tenestebehovet allereie no. Det kjem til nye brukarar, det er auke i omfang tenester til enkeltbrukarar. Denne auken er utfordrande å klare innan tildelte rammer. I 2020 viser prognosen for 2. tertial at sektoren har eit meirforbruk på kr 25 mill. kr, inklusiv kr 14 mill. ikkje løyste tiltak. Forklaringa er nye ressurskrevjande tenester, auka tenestebehov hos brukarar og fleire brukarar. I tillegg er sjukefråværet i sektoren høgt, som igjen fører til auka vikarbehov. For å dekke kompetansebehovet ved fråvær, vert det og brukt ein del overtid. Det er vanskeleg å få rask gevinst av innsparingstiltaka og noko er reduserte inntekter.

Einingane sine rammer er justerte i tråd med vedtekne innsparingstiltak og tiltak i økonomiplanen. Ikkje løyste tiltak i 2020, kr 14 millionar, er det funne finansiering på i 2021. Einingane har meldt inn behov for større rammer enn dei har fått tildelt. Det har difor vore

nødvendig å saldere budsjettframlegga frå einingane. I denne salderinga er heile sektoren vurdert under eitt, og ressursar er flytta mellom einingane der det har vore mogleg.

Velferdsteknologi er ei satsing og det er lagt opp til auka bruk av velferdsteknologiske løysingar som skal gje gevinst i form av frigjorte ressursar. Dermed kan vi yte tenester til fleire med dei same ressursane. Einingane melder om at det vil ta lenger tid å hente ut denne gevinsten.

Bemanningscenter er eit tiltak som på sikt kan gje økonomisk effekt. Her kan vi samle fleksistillingar, overtallige og ev. assistentar/ufaglærte. Ved fråvær i einingane, skaffar bemanningscenteret vikar. Det er og eit ønske å opprette stilling for turnusplanleggar som kan vurdere dei gode og helsefremjande turnusordningane, samt alternative turnusordningar. Oppretting av bemanningscenter er under planlegging.

### **Omsorgssenter**

I rapport om organisering av institusjonsplassar i Sunnfjord kommune er det eit mål at pleiefaktor skal vere minimum 0,8. Meir spesialiserte einingar vil ha behov for ein høgare pleiefaktor. I 2020 er pleiefaktor ved omsorgssentra 0,73-0,93. I budsjett 2021 er Sande omsorgssenter styrka med 1 årsverk og Førde omsorgssenter med 1,7 årsverk. Med denne styrkinga er lågaste pleiefaktor 0,76.

Det er vedteke at det skal etablerast rehabiliteringsavdeling ved Skei omsorgssenter og korttidseining ved Førde omsorgssenter, korttid. Det er planlagt iverksetting av denne omlegginga januar 2021.

Omlegginga medfører at langtids plassar må nyttast til avlastingsopphald. Avlasting er ei gratis teneste som fører til reduserte inntekter til langtidseiningane.

Det er planlagt å skifte pasientvarslingsanlegg ved Førde omsorgssenter og Sande omsorgssenter. Då vert det mogleg å nytte velferdsteknologi i større grad enn i dag.

Innsparingstiltak: kr 480 000

### **Heimetenester**

Einingane melder om auke i tal brukarar, meir komplekst sjukdomsbilete og behov for auke i tal årsverk for å dekke behov for tenester. Siste åra har det skjedd ei dreining i tenesteyting og kompetansebehov i heimetenestene. Det er tidlegare utskrivning frå spesialisthelsetenesta og sjukdomstilstandar som tidlegare vart behandla i sjukehus, vert no behandla i kommunen.

Førde heimeteneste, eining 2, og Vassenden heimeteneste er styrka med 1 årsverk kvar. I tillegg er Skei heimeteneste tilført ressursar til ressurskrevjande tenester som ikkje var finansiert i 2020.

Innsparingstiltak: kr 1 160 000

## **Bu- og miljøtenester**

Det er i desse einingane vi finn dei fleste ressurskrevjande tenestene. I økonomiplanen er det vedteke finansiering på delar av auken vi ser innan desse tenestene, men det er kome til ytterlegare fleire brukarar og tenestene har auka i omfang. Einingane sine rammer er justerte i tråd med vedtak i økonomiplanen.

Innsparingstiltak: kr 1 846 000

## **Butiltak psykisk helse**

Ramma er justert tilsvarende kostnad med to store ressurskrevjande tenester som ikkje var finansiering på i 2020. Desse er finansiert gjennom vedtekne innsparingstiltak i 2021. Nytt ressurskrevjande tiltak er under etablering.

Innsparingstiltak: kr 614 000

## **Tildelingseininga**

Budsjett på ramme, men eininga melder om behov for styrking innan område ergoterapi. Det er ikkje funne rom for denne styrkinga i 2021.

## **Kjøkkentenesta**

Eininga har reduserte inntekter og meirkostnad på matombringning. Kjøkkentenesta planlegg å ta ned kostnadane ved å overta matombringa på Sande sjølv. 60% kjøkkenvert er overført til Førde omsorgssenter, korttid.

## **Ikkje løyste utfordringar i sektoren**

### **Rehabiliteringsplassar**

Det skal etablerast 7 rehabiliteringsplassar ved Skei omsorgssenter. Då vil innbyggjarar med vedtak om rehabiliteringsopphald, få tilbod om dette ved Skei omsorgssenter. Slike institusjonsplassar har behov for ein høgare pleiefaktor enn 0,8. Eininga melder behov for 1,9 årsverk ekstra for å kunne drifte 7 rehabiliteringsplassar. I budsjett 2021 er det ikkje funne rom til denne auken, men målet er å starte opp i januar 2021 med færre rehabiliteringsplassar, og planlegge ei gradvis opptrapping.

### **Korttidseining**

Det skal etablerast 18 korttidsplassar ved Førde omsorgssenter, korttid. Det er mange inn- og utskrivningar ved denne eininga, og innlagte pasientar krev ofte høg kompetanse og tett oppfølging. Denne type eining har behov for ein høgare pleiefaktor enn 0,8. Eininga melder behov for å få tilført 4 årsverk for å drifte 20 plassar. I budsjett 2021 er eininga tilført 0,7 årsverk. Det er arealmessige utfordringar å ha 18 plassar ved denne eininga. Målet er å etablere korttidseininga i januar 2021 med færre tal plassar.

## Ressurskrevjande tenester

I 2020 søkte kommunen om toppfinansieringstilskot for 38 ressurskrevjande tenester i 2019. I 2021 aukar kommunen sin eigendel før refusjon med kr 46 000 ut over løns- og prisvekst. I løpet av året kjem det til nye ressurskrevjande tenester. Dette er tenester som kommunen er pliktig å iverksette sjølv om ikkje finansieringa er på plass. Det skjer og endring i behov i etablerte ressurskrevjande tenester som må iverksettast.

Det er komplisert å halde god oversikt over endringane i ressurskrevjande tenester, men det vert jobba med å utarbeide gode system for dette.

Vi kjenner til 3 nye tiltak i 2020. Samla nettokostnad om lag kr 6 100 000.

Endra ressursbehov i etablerte tiltak tilsvarande ca. 4,9 årsverk. Netto kostnad kr 1 700 000.

## Bemanning

Fleire einingar melder om behov for fleire stillingar

- Omsorgssenter: 10,5 årsverk, inkludert behov ved rehabilitering og korttid. For å nå målet om minimum pleiefaktor 0,8, manglar det ca. 5,5 årsverk.
- Heimetenester: 7,5 årsverk
- Bu- og miljøtenester: 1-2 årsverk, i tillegg til endra behov i ressurskrevjande tenester
- Tildelingseininga: 1 årsverk

Fleksistillingar og tilsette som har opparbeida seg rett til fast stilling eller større stillingsstorleik, såkalla overtallige, vert finansiert gjennom vikarbudsjetten. Dei tilsette i desse stillingane har fast turnus. Vikarbehovet kan vere på andre vakter, noko som fører til ekstra innleige, forskyving eller overtid. I salderinga av budsjetta er overtidsbudsjettet redusert til eit minimum.

## Tapte inntekter

Ny organisering av institusjonsplassar kan føre til nedgang i inntektene. Eigenbetalinga for korttidsopphald er lågare enn ved langtidsopphald. Det er dagsats dei første 60 døgn, deretter er eigenbetalinga tilsvarande langtidsopphald.

Avlastingsopphald er gratis. Langtidsplassar som vert nytta til avlastingsopphald gir ikkje inntekter.



**120 000 kr.**

til gratis  
Meningokokkvaksine  
for alle elever i  
vidaregåande skule

## Helse og sosial



**-7,8 mill.**

Helse- og sosialsektoren sin  
del av innsparing  
(3,3 mill.) og nedtrekk for  
reduisert IMDI-tilskot  
(4,5 mill.)

## Helse og sosial

Ansvar		Rev. budsjett 2020	Avvik pr. 2. tertial 2020	Budsjett 2021
410	Fysio- og ergoterapitenesta	12 966 822	150 000	13 818 357
420	NAV	43 563 643	-2 000 000	42 108 984
430	Legetenesta	46 116 452	4 000 000	48 615 497
440	Helsestasjonen	20 341 511	-800 000	18 963 767
450	Barnevernstenesta	47 496 219	2 900 000	46 574 832
460	Aktivitetseininga	29 516 715	300 000	28 967 088
470	Psykisk helse og rus	16 956 568	-810 000	16 726 031
	<b>Helse og sosial</b>	<b>216 957 930</b>	<b>3 740 000</b>	<b>215 774 556</b>

### Omtale sektoren sitt framlegg til budsjett for einingane

**Alle einingane i sektoren** har i budsjett 2021 justert rammene og gjort innsparingstiltak jamfør framdrift, med unnatak av Aktivitetseininga. Her må sektoren finne nytt tiltak for 2021 som dekker innsparingskravet på 400 000 kr. som opprinneleg skulle takast i frå frivilligsentralen.

**Sektoren** har teke ned rammene med 4,5 mill i samband med reduserte inntekter på busetjing av flyktningar. Nedtaket/innsparinga er fordelt slik: NAV 2,7 mill., Barnevern 900 000 kr., Helsestasjonen, Legetenesta og Psykisk helse og rus 300 000 kr. kvar. Dette vil utfordre einingane økonomisk i 2021, sidan verknaden av at færre vert busett ikkje nødvendigvis har umiddelbar effekt på tenestene. Noko av mindreforbruket for 2020 i NAV kan ha samband med færre busetjingar.

**Fysio- ergoterapitenesta** har hatt og vil ha reduserte inntekter frå brukarar og på statleg refusjon. Grunnen til dette er både for høg budsjettering tidlegare og at tenesta må ivareta dei kommunale tenestene som ikkje gir inntekter. Dette er teke høgde for i budsjettet for 2021.

**Helsestasjonen** har i budsjett 2021 teke høgde for gratis vaksinasjon i den vidaregåande skulen og bortfall av tilskot til psykolog.

**Barnevernet** har i budsjett 2021 teke utgangspunkt i status for 2020. Det betyr at det ikkje er buffer for nye tiltak i budsjettet. Overskridinga i 2020 er grunna eit ubetalt tiltak for 2019. Eininga har gjort justeringar jamfør innsparingstiltak, der ein har justert ned på kjøp av tenester, og satt inn ei ekstra stilling, samt ei tverrfagleg stilling på tidleg innsats.

**Legetenesta** har i budsjettet i 2021 teke høgde for dei endringane som har skjedd i lønsharmonisering i overgang til Sunnfjord kommune. Budsjettet er ikkje justert i samsvar med dei manglande inntektene i 2020, dette fordi det er vanskeleg å berekne inntektene for 2021 basert på 2020, som har vore eit spesielt år. Det er i budsjettet teke høgde for tilbakebetaling for tidlegare overforbruk på SYS IKL. Dette kom ikkje med i budsjettet for 2020, og ugjer 880 000 kr av stipulert overforbruk på Legetenesta. For 2021 er det utrekninga til å bli ca. 440 000 kr., og er plassert i ramma til kommunedirektøren.

Heile stillinga til utekontakten er finansiert med tilskotsmidlar i **psykisk helse og rus**, her vil det vere usikkert kva beløp kommunen vil få for 2021.



### Ikkje løyste utfordringar i sektoren

**Helse og sosial** har fleire tenester som førebygger, gir støtte og behandlingsteneste til eldreomsorga. Det er viktig at desse tenestene og blir styrka i samband med framtidig utvikling. Eit døme er at ved oppretting av korttidseining og rehabiliteringseining frå 2021 ikkje er tilført ressurs til sjukeheimslege, fysioterapi og ergoterapi for å kunne gjere ein fullverdig jobb. Dette vil gå ut over kvaliteten på tenestene. Det kan vere direkte på rehabiliteringsområde, eller at ein må fordele knappe ressursar i frå andre fagområder som lege, fysioterapeut og ergoterapeut utfører. Behov for ressurs som er spelt inn er, 70% stilling sjukeheimslege og 50% fysio/ergoterapiressurs.

Det var i 2020 underbudsjettet på **Aktivitetseininga** med om lag 580 000 kr. (jmf tiltak i økonomiplanen, ikkje prioritert). Samtidig er budsjettet basert på ein del tilskotsmidlar som er usikkert om ein får. Dette vil gjere til at eininga må redusere tilbodet på dagaktivitet, frisklivs- og frivilligtilbod i 2021.

**Psykisk helse og rus** har ikkje tilstrekkeleg driftsmidlar til kompetanseheving og betaling av lisenskostnader, (jmf tiltak i økonomiplanen, ikkje prioritert).

På **legetenesta** vil det utfordre økonomisk i forhold til lovpålagt samtrening mellom akuttlegevakt og AMK (BEST trening, jmf innmeldt tiltak i økonomiplanen).

Bustader til personer med **rusutfordringar**. Kommunen merkar auka press på behovet for tilpassa bustader. Personane blir anten plassert i burettslag eller omsorgsbustader. Dette er ikkje gode varige løysingar.



## Kultur og idrett

**10 mill.**

frå Sparebankstiftelsen og DNB til oppstart hus- og hage- restaurering i Astruptunet.

**93,3 mill.**

i spelemiddelsøknader til 51 idretts-, nærmiljø- og kulturanlegg.



**-440.000 kr.**

Kultur- og idrettssektoren sin del av innsparing.



## Kultur og idrett

Ansvar		Rev. budsjett 2020	Avvik pr. 2. tertial 2020	Budsjett 2021
610	Kultur og ungdom	11 005 502	60 000	11 677 589
620	Idrett og friluftsliv	4 143 876	-300 000	3 176 139
630	Kulturskule	7 869 667	150 000	8 267 771
640	Bibliotek	6 591 841	-50 000	6 693 981
	<b>Kultur og idrett</b>	<b>29 610 886</b>	<b>-140 000</b>	<b>29 815 480</b>

### Omtale sektoren sitt framlegg til budsjett for einingane

Alle einingane innan kultur- og idrettssektoren har svært stramme budsjetttrammer. Det er gjennomgåande god kontroll på utgiftssida, men alle einingane unnateke bibliotek har usikkerheit knytta til budsjetterte inntekter.

#### Kultur og ungdom

Eininga var underbudsjettet i 2020 grunna nokre tilskot til kulturinsitusjonar som ikkje kom med i budsjetttramma i overgangen frå fire til ein kommune. I 2021 vil kommunen òg gje auka tilskot til Teater Vestland som følgje av auka tilskot til teatret over statsbudsjettet, då kommunen sitt bidrag vert rekna ut etter ein avtalt fordelingsnøkkel mellom stat, fylke og kommune. Dette er det tatt høgde for i det salderte budsjettet for 2021, slik at ein no ligg innanfor budsjetttramma.

Vi reknar no med å ha fått fanga opp problemstillingar av denne typen, slik at ein framover har god oversikt over utgiftsbudsjettet for eininga. Inntektssida som stort sett gjeld billettinntekter frå kino og kulturarrangement, vil det alltid vere knytta noko usikkerheit til.

#### Idrett og friluftsliv

Budsjettet for eininga er levert innanfor budsjetttramma. Budsjettet tek sikte på så langt råd er å oppnå ei harmonisering av tenester og prisar i kommunen innanfor tenesteområdet.

Ein er godt i gang med å harmonisere drifta av dei kommunale idrettshallane. Noko lokal tilpasning trengst, og ein er avhengig av godt samarbeid med og dugnadsinnsats frå dei lokale idrettslaga. Inntektene knytta til hallane er svært usikre. Her må vi vinne erfaring i løpet av 2021 og eventuelt gjere justeringar i framtida.

#### Kulturskulen

Budsjettprognosen for 2020 viser eit meirforbruk i eininga. Dette skuldast både svikt i sal av musikartenestene og undervisningsressursane, samt endring av innhald i ei distriktsmusikarstilling.

For å redusere det økonomiske avviket i 2021, vil kulturskulen redusere kjøp av lærartenester frå kyrkja og frå Kinn kommune frå august 2021. Dette vil føre til at kulturskulen samtidig mister inntekter på elevavgift, men ein kan redusere verknaden av dette ved at andre lærarar tar over undervisninga for nokre av dei elevane tiltaka vil ramme.

Ein greier ikkje å ta heile salderinga i høve ramma i 2021 grunna inngåtte avtalar, men vil vere innanfor ramma frå 2022. Det ligg ikkje inne auke i kostnader utover prisvekst.

Det er lagt inn auke i elevbetaling i tråd med prisstigninga. Sunnfjord ligg godt over snittet i landet (kr 2834,-) i pris med ei elevavgift på kr 3 500 i 2020. Med denne prisauken vert kostnad 3 584 per år for ein elevplass. Det er òg lagt inn auke i sal av tenester både på muskarstillingane og på sal av undervisningsressurs til kommunar. Potensialet her er usikkert. Med for høg prising, står vi i fare for å miste kundar, elevar og arrangørar.

## **Bibliotek**

Budsjettforslaget ligg 440 000 kroner over ramma for bibliotek, då det førebels ligg inne drift av 6 bibliotekavdelingar. Eininga har eit innsparingskrav på tilsvarande beløp, og ein er no inne i ein utgreiingsfase for å sjå på kva ein må gjere for å ta denne innsparinga, som utgjør 6% av budsjettamma for bibliotekeininga. Det er svært utfordrande å halde oppe kvalitativ god drift av 6 avdelingar samstundes som ein skal ta denne innsparinga.

Biblioteka i Sunnfjord jobbar prosjektbasert og søker ekstern tilleggsfinansiering for skape ei positiv utvikling av bibliotektenesta innanfor eksisterande budsjettamme. Folkebiblioteket leverer òg tenester til skulebiblioteka over sitt budsjett.


Kvart bibliotek har eigne avdelingsbudsjett, som synleggjer driftsutgiftene ved kvart bibliotek, men felles utgifter til lisensar for datasystem, transportordning m.m. er samla under budsjettet for hovudbiblioteket i Førde.

## **Ikkje løyste utfordringar i sektoren**

Kultur og –idrettssektoren har tronge budsjett og mange uløyste oppgåver. Agenda Kaupang sin analyse viser at budsjettammene for Kultur og idrettssektoren i Sunnfjord kommune ligg 7,4 mill. kroner under dei kommunane vi kan samanlikne oss med (Kostragruppe 13). Trass dette kjem Sunnfjord kommune på 27. plass i Norsk Kulturindeks for 2019. Dette heng fyrst og framst saman med at Sunnfjord kommune er vertskommune for store kulturinstitusjonar som Teater Vestland, Førde Internasjonale Folkemusikkfestival, Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Astruptunet og Eikaasgalleriet, som generer aktivitet og arbeidsplassar, og har delfinansiering frå statleg og fylkeskommunalt hald.

Kultur og Ungdom har svært små ressursar for sjølv å kunne stå for produksjon og utvikling av kulturarrangement og kunne gje kulturtilbod i heile kommunen. Ved omdisponering av interne ressursar i eininga, har ein funne rom for ei stilling som kulturprodusent som særleg skal jobbe med dette, i første omgang gjennom samarbeid med det frivillige kulturlivet, eksterne tilskotsmidlar og billettinntekter.

Kultur og Ungdom driv Skrivarløa ungdomsklubb i Førde sentrum. Det er ynskje om ungdomsklubbar òg i andre tettstadar i kommunen. Dette er det ikkje mogleg å løyse innanfor dagens budsjettammer. Skrivarløa gir tilbod til elevar ved vidaregåande skule tysdagar i samarbeid med utekontakten og miljøarbeidarane ved dei vidaregåande skulane. Her har vi ein prosjektbasert deltidsstilling, som treng å gjerast permanent. Dette vil bli spelt inn som tiltak frå 2022 i økonomiplanen.



Kulturskulen har registrerte behov for tilbud mellom anna innan teater og musikkterapi som ikkje kan løysast innanfor noverande budsjettamme.

Innan idrett og friluftsliv er drift av utandørs idrettsanlegg enno ikkje harmonisert. Budsjettamma for 2021 gir ikkje moglegheit for harmonisering av utleigeprisar til barn i alle hallane, jfr. uprioritert innspel i økonomiplanen 2021-2024.

For bibliotektenestene er det fagleg utfordrande å gje eit kvalitativt tilbud til innbyggjarane i heile kommunen innanfor budsjettamma, og særleg med innsparingskravet som er lagt. Korte opningstider gjer bibliotektilbodet utanfor Førde lite tilgjengeleg, med unnatak av Sande bibliotek som har «meiropeløysing». Det er investeringsbehov knytt til å kunne lage meirope-løysing for fleire av avdelingane. Nokre investeringsmidlar er sett av til dette i økonomiplanen frå 2022, utan at behovet på langt nær er dekkja opp.

Hovudbiblioteket har utfordringar knytt til personalressursar til formidling, opningstid og vaktordninga ved biblioteket. Inventar og utstyr ved hovudbiblioteket i Førde og 3 av biblioteka er nedslite, og ein manglar viktig teknisk utstyr til brukarane.

## Teknisk og miljø

**100 %**

Sjølvkost på oppmåling, private planframlegg, byggesak og byggesakstilsyn



**1,5 mill.**

i styrking til vedlikehald av kommunale bygg.

**15**

kommunale bilar som skal elektrifiserast

**-800.000 kr.**

Teknisk og miljøsektoren sin del av innsparing

## Teknisk og miljø

Ansvar		Rev. budsjett 2020	Avvik pr. 2. tertial 2020	Budsjett 2021
710	Bygg- og eigedomsforvaltning	23 377 913	0	30 646 633
720	Reinhold vaskeri	44 221 003	-1 500 000	44 275 859
730	Teknisk drift	23 088 104	1 500 000	30 345 881
740	Brann og redning	17 971 697	1 000 000	17 468 746
750	Areal og byggesak	11 354 298	-1 600 000	9 936 141
760	Landbruk og miljø	7 485 128	0	7 557 212
770	VAR	-27 736 430	0	-24 529 752
	<b>Teknisk og miljø</b>	<b>99 761 713</b>	<b>-600 000</b>	<b>115 700 720</b>

### Omtale sektoren sitt framlegg til budsjett for einingane

#### Bygg- og eigedomsforvaltning (BEF)

Bygg og eigedomsforvaltning sine ansvar femnar om planlegging, vedlikehald og drift av kommunen sin bygg, bustader- og uteområde. Eininga har budsjettert med 31,6 årsverk. Eininga si prognose viser meirforbruk i 2020. Ramma for 2021 bygger på føresetnad i økonomiplanen om å auke ressursinnsats til vedlikehald på 1,5 mill. kr. Ramma er redusert med 1,0 mill. kr. i energikostnader. Dersom energiprisane stig utover anslag i budsjettet vil eininga få overskridingar. Det er budsjettert med full utleige av Prestebøen 8 (Husstellfagskulen) i 2020. Noverande leigetakar flyttar ut i mars. Det vil bli arbeid for å finne nye brukarar/leigetakarar av lokala. Stillingane som er knytt til hallane (Bygstad og Halbrend) er lagt inn for heile året.

#### Reinhold og Vaskeri

Eininga har 73 årsverk. Eininga har 1 assisterande einingsleiar og 1 driftskoordinator. Det er sett av ressursar til drift av nye hallar. I 2020 har drifta vore lagt om til dagarbeid for alle reinholdarar. Ei slik ordning blir opplevd som meir personalvennleg og gjev betre høve til å koordinere arbeidet mellom bygga. Endringa har vore krevjande. Eininga vil få mindreforbuk i 2020. Eininga har budsjettert under tildelt budsjetttramme.

#### Teknisk drift.

Eininga har også ansvar kommunale vegar, veglys og parkanlegga i Sunnfjord Kommune. Det er sett av 1,5 årsvek til drift av parkanlegg og 9,8 årsverk til oppfølging av veganlegga/leiing. Teknisk drift har hatt vel 50 brøytekontraktar ute på anbod før budsjettet, og det har medverka til at kostnadane med vintervedlikehaldet stig betydeleg. Dette forklarar avviket på 6,5 mill. kr. Formannskapet har godkjent kontraktane i sak 184/20. Eininga vil få meirforbruk i 2020.

#### Brann og redning

Brann og redning består i Sunnfjord kommune av brannberedskap, brannførebygging og feiing. Budsjettframlegget er basert på budsjettet for 2020. Eininga budsjettert med 13,23 årsverk. Formannskapet har elles vedteke at det skal utarbeidast ei ekstern analyse av kommunen si brannordning. Målet med analysen er å peike på ei organisering av brannberedskap og førebyggjande som byggjer på forskriftene, ROS analyse og økonomiske

rammer. Analysen vil bli nytta som grunnlag til revidering av brannordning. Eininga er venta å få meirforbruk i 2020.

## **Areal og Byggesak**

Areal og byggesak sine ansvarsområde består av byggesak, utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel, kommunedelplanar og regulering. Eininga har også ansvar for kommune sine GIS system og oppmåling. Eininga har 18,8 årsverk til saman. Budsjettet for 2021 ligg derfor under tildelt ramme. Budsjettet baserer seg på sjøvkost for oppmåling, private planframlegg, byggesak og byggesaktilsyn. Ved innføring av 100% sjølvkost, er alle inntekter/utgifter ført på eigne «sjølvkosttenester». Prisane vil være om lag på same nivå som i 2020, men einskilde satsar vil bli korrigerert ut frå vurdering av tidsbruk. Budsjettkontroll for 2020 viser at eininga kan få eit lite overforbruk i 2020.

## **Landbruk og Miljø**

Landbruk og miljø består av fagområde knytt til skog, landbruk, utmark. Eininga har også ansvar for miljø, forureining, klima og vassforvaltning. Eininga har 9,4 årsverk. Budsjettet vidarefører tenestene under landbruk og miljø hovudsakleg på same nivå som 2020, men innsparing i 2020 på 0,7% stilling er vidareført/vakant (skogbruk). Miljø og ureining er eit sjølvkostområdet som eininga forvaltar. Det er lagt opp til ein auke i lønnsutgifter knytt til kommunale veterinærstillingar i samband med samordning av avtaletilhøva for dei fire samanslegne kommunane. Budsjettkontrollen viser at eininga truleg vil komme ut i balanse i 2020.

## **770 - VAR (Vatn, avløp, renovasjon)**

Budsjettet byggjer på 19,2 årsverk. VA området vil gå med overskot i 2020 som vert sett av til fond. Kommunestyret har handsama VA-plan (sak 61/20). Basert på planen vil ein større del av investeringane bli driftsfinansiert. Strategien føreset også årleg indeksregulering av VA- gebyra på 3,0 %. (om lag ordinær prisstigning). Denne stegvise overføringa til driftsbudsjettet medfører redusert låneopptak, og dermed også reduserte kalkulatoriske rente- og avdragskostnader.

## **Ikkje løyste utfordringar i sektoren**

For å opprettholde formålsbyggs standard, anbefaler byggebransjen årlige vedlikeholdsutgifter på 200 kr per m<sup>2</sup>. Budsjettet til bygg- og eigedomsforvaltning er auka med kr. 1 500 000,- (underdekning byggvedlikehald). Denne summen er brukt til å få meir realistiske tall til drift og vedlikehald av dei kommunale bygningane. Bygg og eigedomsforvaltning har hatt eit vedlikehaldsbudsjett på 46 kr/m<sup>2</sup> bygg i 2020. For å unngå verdiforringelse av kommunens bygningsmasse er det nødvendig med auke i årleg vedlikeholdsbudsjett.

I tillegg til ei større budsjetttråme har eininga Bygg- og eigedom signalisert at Sunnfjord kommune har behov for ei gruppa med. 4 fagarbeidarar, som skal ha fokus på utførelse av større vedlikehaldsoppgåver. Oppgåver som per i dag blir leigd inn til eller utsett på grunn av manglande ressursar.

Det er ikkje sett av ressursar til bygningsdrift til nye kulturskulen i Førde. Avdelinga meiner det bør setjast av en 40-50% stilling til drift av kulturskulen.



Fysioterapi og bygg- og eigedomsforvaltning vil prøve å få eigne personale til reparasjon av hjelpemiddel. Det har vist seg å vere ineffektiv å drive med både vaktmeisteroppgåver og hjelpemiddel.

Det er ikkje tatt høgde for driftsmateriell til dei nye hallane.

Landbruk og miljø, tenesta skogbrukskontor, har reduserte kapasitet som følgje av at 30 % av ein stillingsheimel er budsjettet som vakant. Rådgjeving mot skogeigarane vert redusert, som følgje av dette. Det er mange små skogeigarar i Sunnfjord. Vi ventar difor at ein høgare terskel for rådgjeving, frå kommunen, vil føre til at skogressursane vert dårlegare nytta (over tid).

Oftare og kraftigare uver og ekstremver medfører omfattande og aukande slitasje, utgraving og utvasking av vegfyllingar, grøfter og vegdekke. Det er allereie eksisterande etterslepet, aukar for kvart år.

Sunnfjord kommune har 91 bruer. Det er ikkje rom for vedlikehald på bruene i inneverande år. Tek vi omsyn til erfaringstal og byggekostnadsindeks er etterslepet på vedlikehald 14.0 mill. kr.

Budsjettet tek ikkje omsyn til eigen ressurs knytt til parkområdet. Sunnfjord kommune har så store uteareal at kommunen bør ha fagkunnskap til park og uteområde. Kommunen bør ha 1 årsverk som har fagbrev som gartnerar.

Vi manglar 1,6 årsverk til brannførebygging, 1 årsverk som områdeleiar for stasjonane og 2 årsverk innan beredskap i høve organisasjonsplanen.

Investering i bilklippeutstyr til Vassenden Brannstasjon – kr. 300.000,-

Brann- og redning manglar branntankbilen på Skei, og mannskapsbil på Sande.

Brann og redning har stort opplæringsbehov knytt til deltidsmannskap då det i tida som kjem vil vere mange som går av på grunn av alder.

Det bør settast av midlar til tiltak, prosjekt og deltaking i forskingsprosjekt knytt til miljø- og klimarelaterte oppgåver, mellom anna oppfølging av Klimaomstillingsplanen.

## Kommunedirektør, stab og støtte

Ansvar		Rev. budsjett 2020	Avvik pr. 2. tertial 2020	Budsjett 2021
100	Kommunedirektør	109 684 520	0	96 521 491
110	Personal	15 311 117	-200 000	15 180 529
115	Service	25 095 692	-1 380 000	24 778 890
120	SYS IKT	0	0	0
130	Rekneskap, lønn og skatt	14 083 782	-400 000	11 695 999
140	Fagutvikling	24 937 565	-1 300 000	24 249 449
150	Næring og samfunnsutvikling	8 409 382	0	7 864 441
160	Kommuneadvokaten	1 295 760	0	1 343 417
	<b>Stab og støtte</b>	<b>198 817 818</b>	<b>-3 280 000</b>	<b>181 634 216</b>

## Omtale sektoren sitt framlegg til budsjett for einingane

Følgjande innsparingstiltak er innarbeidd i framlegg til budsjett:

- Reduserte utgifter til kontroll og revisjon med 0,3 mill. kroner på ansvar 100 Kommunedirektør
- Avvikla fritidsforsikring i 2020. Årseffekt med 0,01 mill. kroner er redusert på ansvar 100 Kommunedirektør
- Redusert bemanning administrasjon 1,9 mill. kroner fordelt på ansvar 100, 110, 115, 130 og 140
- Endra bruk av ressurs folkehelsekoordinator redusert med 0,2 mill. kroner på ansvar 140 Fagutvikling
- Redusert tilskot til Sunnfjord Utvikling med 0,75 mill. kroner til 5,85 mill. kroner på ansvar 150 Næring og samfunnsutvikling

Følgjande prioriterte driftstiltak er innarbeidd i framlegg til budsjett:

- Vedlikehald og fornying av datamaskiner og digitale læremiddel/lisensar 1,5 mill. kroner er budsjettert samla på ansvar 100 Kommunedirektør
- Microsoft-lisensar 1,5 mill. kroner er budsjettert samla på ansvar 100 Kommunedirektør

Andre endringar:

- Skatteoppkrevjarfunksjon vart overført frå kommune til stat 1. november 2020. Ansvar 130 er redusert med årseffekt av at 5 tilsette vert overført. Totalt 3,4 mill. kroner
- Tilskot til trus- og livssynssamfunn på 0,65 mill. kroner er ikkje budsjettert på ansvar 115 Service, då staten overtek denne oppgåva
- I revidert budsjett 2020 er det på ansvar 100 Kommunedirektør budsjettert tidlegare løyvingar frå disposisjonsfondet i Førde kommune som ikkje er effektuert. Dette utgjør 9,3 mill. kroner og forklarar at budsjett 2021 er tilsvarande lågare.

Omtale av framlegg til budsjett:


- Bemanning vert opplevd som knapp. Derfor må ein vere realistisk for kva nye oppgåver og prosjekt ein kan starte opp.

## Ikkje løyste utfordringar i sektoren

Det er inngått avtale om digitalisering av byggesaksarkivet frå Førde og Gaular. Det er ikkje lagt inn midlar til å inngå tilsvarande avtale for Jølster og Naustdal.

Det er budsjettert refusjon på 0,5 mill. kroner til drift av SIS på ansvar 150 Næring og samfunnsutvikling. Det er ikkje avklart for 2020 og 2021 om vi får desse midlane.

Statens vegvesen (SVV) har nyleg informert kommunen at dei trekker økonomisk støtte til sykkelbyen frå 01.01.2020. Det er budsjettert 180.000 kroner refusjon frå SVV og tilsvarande beløp frå Vestland fylkeskommune. Det er pr. i dag ikkje avklart kva konsekvensar dette har. Ein tilsett i Sunnfjord kommune har delar av si stilling finansiert av sykkelbyavtala.



Sunnfjord kommune er invitert inn i Digi Vestland. Dette er eit samarbeid mellom dei 43 kommunane i Vestland, for å forsterke innsats på digitaliseringsområdet og sektorspesifikke krav til bruk av standardar og felleskomponentar. Det vert lagt fram eiga politisk sak om deltaking. Økonomisk bidrag i samarbeidet i 2021 er ikkje avklart, og er ikkje budsjettert.

# Investeringsbudsjett

## Investeringsprosjekt

Tabellen nedanfor viser budsjettframlegg for investeringar i 2021. Gule markeringar viser framlegg til endring frå vedtekne investeringar i økonomiplanen for 2021:

- Løyving på 9 mill. kroner til innkjøp av datamaskin til elevar finansiert ved bruk av reformstøtte vart gjort då økonomiplanen vart vedteken i juni 2020.
- Dei andre endringane utgjer samla ein reduksjon av investeringar på 10 mill. kroner då det er tilrådd saldering i driftsbudsjettet med å redusere overføring til investering med 10 mill. kroner

Sektor	Tiltak - kva	ØP	
		2021	Budsjett 2021
Stab og støtte	Førdepakken - kommunal del	28 000	28 000
Stab og støtte	Førdepakken - anleggsbidrag utbyggingsavtale	- 2 500	- 2 500
Stab og støtte	Eigenkapitalinnskot - KLP	4 500	4 500
Stab og støtte	IKT-investeringar (møteromsutstyr, datasenter, felleskost.)	1 000	
Stab og støtte	Sunnfjord kyrkjelege fellesråd (eiga oversikt)	4 059	4 059
Stab og støtte	Sunnfjord kyrkjelege fellesråd (omdisp. tidl. løyving)	- 750	- 750
Skule	Innkjøp av datamaskiner til elevar	9 000	
Barnehage	IKT-utstyr tilsette	350	350
Barnehage	IKT-utstyr barn	100	100
BEF/Helse og sosial	Div. ombygging, legekontor på Sande, Fysio/ergoterapi, Psykisk helse og rus	2 300	2 300
Helse og sosial	Utsifting PC park, auke investeringsbudsjettet	200	200
Omsorg	Pasientvarslingsystem/låsesystem - oppgradering	2 500	2 500
Omsorg	Datautstyr; oppgradering pc'ar og trådløst nettverk	300	300
Omsorg	Hjelpemiddel, sengar og nattbord	100	100
Omsorg	Inventar og utstyr	100	100
Kultur og idrett	Skifte ut utstyr, Kino Førde	3 450	3 450
Kultur og idrett	Mulighetsstudie av Førdehuset, 3-D-modell	500	500
Kultur og idrett	Folkemusikkinstrument - inntekter i drift på utleige	300	300
Teknisk og miljø	Sikring mot naturfare	1 000	1 000
Teknisk og miljø	Brannstasjon/teknisk drift – Skei og forprosjekt Førde	6 000	6 000
Teknisk og miljø	Golvmaskin, moppevakser, anna reinhald	1 250	1 250
Teknisk og miljø	Rehabilitering bygg – (detalj i plan)	8 000	6 000
Teknisk og miljø	ENØK – kommunale bygg	7 000	6 500
Teknisk og miljø	Bustader - sal av bustader	- 5 000	- 5 000
Teknisk og miljø	Sande skule	15 000	15 000
Teknisk og miljø	Ny 4 avd. barnehage på Slåtten inkl. grunnerverv	36 000	36 000
Teknisk og miljø	Sal av Tusenfryd	- 8 000	- 8 000
Teknisk og miljø	Gaular idrett og fritidspark, Bygstad	13 505	13 505
Teknisk og miljø	Symjebasseng - Førdehuset	2 000	2 000
Teknisk og miljø	Kommunale vegar (detalj i plan)	10 750	6 500
Teknisk og miljø	Trafikktryggleiksplan (eigenandel)	4 375	4 375
Teknisk og miljø	Maskiner og utstyr	1 250	1 250
Teknisk og miljø	Sunnfjord Næringspark	20 000	20 000
Teknisk og miljø	Sal av tomter Sunnfjord næringspark	- 20 000	- 20 000
Teknisk og miljø	Tiltaksplanar VAO (detalj i plan)	17 000	14 000
Teknisk og miljø	Eigenandel til sykkelpareringsprosjekt	125	125
	<b>SUM BRUTTO PRIORITERTE INVESTERINGSTILTAK (heile tusen)</b>	<b>163 764</b>	<b>144 014</b>
	<b>SUM ÅRLEG FINANSIERINGSBEHOV</b>	<b>137 811</b>	<b>119 830</b>
	<b>ÅRLEG INVESTERINGSRAMME</b>	<b>128 846</b>	<b>119 830</b>
	<b>BRUK AV REFORMSTØTTE</b>	<b>9 000</b>	
	<b>DIFFERANSE</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Bevilgningsoversikt – investering

Obligatorisk oversikt over bevilgning til investering viser samla investeringsutgifter på 179 mill. kroner. Utgiftene er finansiert med 23,5 mill. kroner kompensasjon for meirverdiavgift, 2,5 mill. kroner i anleggsbidrag, 33 mill. kroner i sal av tomtar og bustadar, 95 mill. kroner i låneopptak og 24,8 mill. kroner i overføring frå drift til investering.

Handlingsregel om å ikkje auke lånegjelda er fulgt opp.

Bevilgningsoversikt investering	Oppr. budsjett 2020	Rev. Budsjett 2020	Budsjett 2021
Investeringer i varige driftsmidler	171 275 000	512 281 152	174 324 000
Tilskudd til andres investeringer	-	3 285 901	-
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	3 100 000	3 100 000	4 500 000
Utlån av egne midler	-	-	-
Avdrag på lån	-	-	-
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>174 375 000</b>	<b>518 667 053</b>	<b>178 824 000</b>
Kompensasjon for merverdiavgift	23 804 000	75 588 843	23 494 000
Tilskudd fra andre	20 155 000	43 193 544	2 500 000
Salg av varige driftsmidler	22 500 000	62 548 878	33 000 000
Salg av finansielle anleggsmidler	-	-	-
Utdeling fra selskaper	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-	-	-
Bruk av lån	80 916 000	281 762 052	95 000 000
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>147 375 000</b>	<b>463 093 317</b>	<b>153 994 000</b>
Videreutlån	-	-	-
Bruk av lån til videreutlån	-	-	-
Avdrag på lån til videreutlån	-	-	-
Mottatte avdrag på videreutlån	-	-	-
Netto utgifter videreutlån	-	-	-
Overføring fra drift	26 300 000	69 858 140	24 830 000
Netto avs. til eller bruk av bundne inv.fond	-	6 335 400	-
Netto avs. til eller bruk av ubundet inv.fond	700 000	32 751 074	-
Dekning av tidligere års udekket beløp	-	-	-
Sum overføring fra drift og netto avsetn.	27 000 000	108 944 614	24 830 000
Fremført til inndeckn. i senere år(udekket bel)	-	-	-

## Vedtak

1. Framlegg til årsbudsjett 2021 for Sunnfjord kommune vert vedteke slik det går fram av dokument datert 5. november 2020, med følgjande endringar:
  - a. Budsjettert inntekt frå utbytte vert redusert med 2,2 mill. kroner. Frie inntekter (inntektsutjamnande tilskot) vert auka frå 4 mill. kroner til 6,2 mill. kroner i 2021.
  - b. Det vert løyvd 1 mill. kroner frå ubunde investeringsfond 75000 til ubunde investeringsfond med tittel «Forskotering av spelemlidar.
    - I. Avgift gravplassar for 2021
    - II. Festeavgift vert sett til kr 200 pr. år
  - c. Betaling for plass i minnelund kr 10.000 inkl. mva. for 20 år. Dette dekkjer namneplate, minnestein og stell. Ved forlenging etter 20 år er prisen kr 200 pr år, med minstetid på 10 år. Denne prisen dekker stell og festeavgift.
  - d. Årsbudsjett 2021 vert oppdatert i samsvar med at regjeringspartia og FrP inngjekk avtale om statsbudsjett 2021. Tabell over økonomisk konsekvens for Sunnfjord kommune er omtalt i notat om årsbudsjett 2021 datert 3. desember.
2. Låneopptak
  - a. Sunnfjord kommune tek opp nytt lån til finansiering av investeringsprosjekt. Samla lånesum er 95 mill. kroner i 2021 jf. kommunelova § 14-15 første ledd.
  - b. Sunnfjord kommune tek opp lån i Husbanken på 60 mill. kroner til startlån for vidare tildeling i 2021 jf. kommunelova § 14-17 første ledd.
3. Kassakreditt
  - a. Kommunestyret godkjenner ei ramme for kassakreditt på 100 mill. kroner jf. kommunelova § 14-15 tredje ledd.
4. Kommunedirektøren får i oppgåve å kome tilbake til kommunestyret innan mai 2021 med ei sak der ein analyserer administrasjonskostnadane i Sunnfjord kommune basert på samanlikning med andre kommunar. I saka skal kommunedirektøren vurdere ulike modellar for ei framtidsretta og effektiv organisering av sentraladministrasjonen.
5. Arbeidet med å evaluere den politiske organiseringa og reglementet for folkevalde sine arbeidsvilkår skal ta til i førstninga 2021. Formannskapet får i oppgåve å fastsette nærmare korleis dette arbeidet skal finne stad. Eit av måla med arbeidet er å redusere kostnadane knytt til godtgjersle for politisk arbeid. Arbeidet med evalueringa av reglementet for folkevalde sine arbeidsvilkår skal ha som mål å vere ferdig første halvdel av 2021.
6. Det må arbeidast meir med å få auke i grunnbemanninga i pleie og omsorg, og få til mest mogleg heile stillingar. Arbeidet med å få eit godt bemanningssenter/kommunal vikarordning må intensiverast. Det same gjeld å implementere velferdsteknologi på ein god måte slik at det kan gje effekt for drifta.

## Vedlegg

### Oversikt over tilskot og overføringer frå Sunnfjord kommune 2021

Tilskot og overføringer til private/ andre Mottakar	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Ansvar
Folkevalde; pott til disposisjon inkl. stønad til politiske part	400 000	400 000	100
Vestland revisjon	1 682 000	1 725 000	100
SEKOM	675 000	707 000	100
SyS IKT	9 426 500	9 714 596	100
Tilskot til private barnehagar	70 436 983	68 563 000	100
Drift og anleggsstøtte idrettsorganisasjonar	556 427	574 233	100
Søtte til frivillige lag og organisasjonar	824 512	850 896	100
Sunnfjord Utvikling	6 445 866	5 850 567	150
Den norske kyrkja	15 733 396	16 269 498	100
Terapibassenget ved Helsetunet	297 567	307 096	100
Krisesenteret i Sogn og Fjordane	1 696 036	1 736 741	100
Folkehelseavdelinga i Flora	1 038 485	1 063 409	100
Senter mot incest og seksuelle overgrep	132 000	135 168	100
Truomssamfunn	650 000	-	115
Firda Produkt (VTA-plassar)	877 808	898 875	420
Sogn og Fjordane Teater	2 292 856	2 460 299	610
Førdefestivalen	1 114 000	1 173 508	610
Musea i Sogn og Fjordane (inkl. kunstmuseet)	1 937 892	2 129 214	610
Vaksenopplæringa	154 310	150 000	610
Driftstilskot til foreiningar	400 000	330 000	620
Ungdomsråd, pott til disposisjon	70 000	70 000	610
Veterinærvakt	1 500 000	1 500 000	760
Fisk- og viltforvaltning	150 000	100 000	760
<b>Samla tilskot</b>	<b>118 491 638</b>	<b>116 709 100</b>	